

Gud signe Noregs land Arne Garborg

Gud signe Noregs land, kvar heim, kvar dal og strand,
Kvar lund og lid.

Han lat det aldri døy, han verje bygd og øy,
han verje mann og møy, til ævleg tid!

Me fekk det høgt og fritt, me fekk det vent og vidt
med hav og fjell.

Det stend so trygt og godt, det stend so reint og bløtt,
rett som eit gudeslott med solskinstjeld.

Det er vår elsk på jord, det er vårt beste ord,
vår trivd og trygd.

Storfrægdarmenn dei var som fram til oss det bart,
det er vår ættargard/til fridom bygd.

Stort arbeid ned er lagt til landsens fred og makt
frå tid til tid.

Det kosta tusund år i kav frå vår til vår,
i strid so tung og sår, fyrr me var fri.

Her ligg dei grav i grav, frå heid og ned i hav,
som stridde so.

Gud sign` kvar ævleg svein som søv der under stein,
Gud sign dei kvar og ein/ der dei er no.

Men landet dei hev rudt, det vil me verja trutt
til siste stund.

Vår elsk og beste akt, vårt liv og all vår makt
skal vera Noregs vakt/til siste stund.

I kjærleik varm og mild/me legg vår vilje til,
då veks det fram

Då fær det bløma blidt, då fær det spyrst vidt
og alltid stand fritt/for naud og skam.

Her stig det stort og bløtt, vårt fagre heimlands slott
med tind og tårn.

Og som det ervdest ned/alt fagrar led for led
det byggjast skal i fred/ at våre born.

Ny høgnorsk vevlogg

Målmannen-forum er det ferskaste nynorske tilskotet til den sokalla bloggsofæren. Målmannen-forum hev ingi formell tilknytning til bladet Målmannen, men hev til fyremål å reisa ordskifte og utveksla informasjon innanfor den same vide og kulturkonservative norsksdomslina som bladet representerar, og med det same mangfeldet av skribentar:

<http://maalmannen.blogspot.com>

I dette nummeret:

Thoralf Bergwitz:	Albert Einstein - Um tungemålet	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Korleis kann pengar fremja høgnorsksaki?	s. 3
Kenneth Kiplesund:	Upphavet åt zionismen	s. 4
Christen Krogvig:	Medan Europa sov	s. 7
Alexey Kurbanov:	Vera P. Strogova - ei måldame frå Novgorod	s. 8
Lars-Toralf Storstrand:	Kristendomen i kvardagsmålet	s. 10
Thoralf Bergwitz:	Finst det restar etter gudehov på Tromøy	s. 12
Hermund Slåttilid:	Aristoteles retorikk	s. 13
Lars Bjarne Marøy:	Ei unik perla i Djurgården	s. 16

Albert Einstein - Um tungemålet

Av Thoralf Bergwitz


Me kjem til at den åndelege vekst hjå den einskilde - og den måten han berer fram sine meiningar på , er noggrant knytt til tungemålet.

Me kjenner og meiner at eit visst tungemål gjev til kjenne ein viss mentalitet. Soleis er tankjen og tungemålet bundi saman.

Desse tankevekkjande ordi er sagde av ingjen ringare enn Albert Einstein.

Denne vurderingi av vår tid er bakgrunnen for ein stor skyldnad me hev - skyldnaden til å taka vare på det verdfulle me eig - det som gjerer livet vårt verdfullt å leva - og som me ynskjer å lata etterkomarane våre få i arv - gjerne reinare og rikare enn me tok imot det frå forfedrane våre.

Of når det gjeld dykk kvende - er det ikkje i dykk at kjærleikjen og mildskapen bur ? Er ikkje de hjartefolket på jordi ? Og er ikkje hjarta den beste oppkoma for åndslivet ? Frå dykkar tunge hev morsmålet levande oppkome. Sanneleg - vaknar fyrst kvinna rett, då hev sjølve livet sigra. Då vil Noregs søner - saman med morsmjølki



- suga inn ein inderleg kjærleik til morsmålet og til fedraåndi - til gamle Noreg og til brorfreden.

*Gjev handi di bror min,
me lovar og bed,
Skal Noreg gå under
So vil me ganga med !*

Med desse ordi um sjølve tungemålet, vågar eg å sende eit lite poem - for millom

Kjærleik

Det er kjærleik i augo som blenkjer når du ser på ei gjente so ferm det er kjærleik i guten som tenkjer: den gjenta er visseleg varm

Det er kjærleik i augo som glitrar når du ser for deg gjenta so ven det er kjærleik i sansar som sitrar når du ser for deg guten so pen

Det er kjærleik i hjarta som bankar når du ser for deg han du hev kjær det er kjærleik i herlege tankar når du drøymer um - vera han nær

Det er kjærleik i hjarta som brenner når din kjæraste ven er deg nær det er kjærleik den iling som tenner når du kysser den ven du hev kjær

Det er kjærleik i blodet som rislar når du legge ditt barn din barm det er kjærleik i kjensla som tislar når du sit med ditt barn på din arm

Det er kjærleik den umsut du syner det barn som er trassigt og villt det er kjærleik den varsemnd du syner fyr barnet som skrik og er illt

Det er kjærleik i hjelpi du yter dei trengjande mange som svelt det er kjærleik i klædi du byter på barnet som ikkje er stellt

Det er kjærleik i handi du rekkjer til han som er utstøytt og arm til han som d'er ingjen som vekkjer med ei hand han kann kjenne er varm

Det er kjærleik i ordet som trøystar når du kjenner deg sår i din hug når du tykkjer at livet det haustar og i bringa du kjenner ein sug

Det er kjærleik ordet som vermer når du fryse so sårt i ditt sinn når tankane flakkar og svermer og du veit korkje ut eller inn

Det er kjærleik i handi som stryke so varlegt og varmt på ditt kinn når nervune er ved å ryke ho lindrar og roar ditt sinn

Det er kjærleik i hesten du sala til han som var skulda for svik mot regimet som nekta han tala for fridom, for rettferd, mot krig

anna - å syne ein variant av det tungemålet som - i røyndi - hev heimstadretten i det landet me bur i, men som er landsforvist av etterkomarane av den okkupasjonsmakti som tok over styngi av landet vårt frå den tredje august i det herrens året trettan hundrad og sju og åtti Det var den dagjen då kong Olav den sjette Håkonson døydde - og soleis vart kongemori Margrete den verkelege styraren av trende riki - ein maktkonsentrasjon - som etter kvart gjorde Noreg til eit lydrikje under Danmark - og på det viset gav folket eit nytt skriftmål - det danske. Det er det målet som Vigdis Finnbogadotter talar - med islensk aksent - som ho sa i Skavland-programmet her um dagjen - det er det same målet som vert kalla "norsk bokmål" i dag - anten me likar å høyre det eller ikkje.

Det kann vel elles òg vera andre årsaker til at eit sovori poem som dette eg her legg ved bør koma fram i dagsljuset - og ikkje berre vert løynt burt fordi at det er sprungje ut or ein heller ukjend poet:

Det er kjærleik den venskap du hyser for ein kjenning i "fiendeland" det er kjærleik den tillit du viser når han kjem med si famlande hand

Kva meiningi er vel med livet, er det ingjen på jordi som veit - Eit angande pust nedi sivet - var det alt - ja, då var det leit

Lat oss tru på eit liv med litt kjærleik lat oss elske vår syster og bror dei som liver langt burte - og serleg - dei som liver sitt liv der du bur

Måtte kjærleikjen vinne i livet og trui på kjærleikjens makt måtte menneski slutte å kive me hev utspring i kjærleikjens akt.

Thoralf Kielland Bergwitz

Sank ein tingar til
Målmannen!

Korleis kann pengar fremja høgnorsksaki?

Av Lars Bjarne Marøy

Målmannen hev tidlegare kommentert tilhøve kring det sokalla Vestmannafondet. Fondet er i dag på kring 100 000 kr, men ein fondsgjevar hev sagt seg viljug til å tilføra fondet mange millionar, kann henda so mykje som kring 8-10 millionar kroner i testamentarisk gáva.

Slik me hev fenge presentert fondet, skal det verta eit millionfond med ein avdrått som kann henda kjem til å verta på hundretusundtals kroner og for alt me veit ein avdrått på kring ein million. Dersom ein ser på den norske målrørsla som heilskap, hev me vondt for å sjå at so mange pengar kann nyttast til handfaste tiltak og til handfast framdrift for målsaki.

Bladet Vestmannen kunde til dømes bera seg og koma ut kvar fjortande dag um ein løyvde 200 000 kroner til bladet i året, men kven skulde vera i stand til å gjeva ut bladet so ofte, og kven skulde skriva i det?

Dei som styrer yver Vestmannalaget og høgnorskmiiljøet i Oslo hev knappast utsyner nok til å tenkja seg tiltak som kunde vera meiningsfulle og tena fyremålet innanfor dei økonomiske rāmone dei hev i dag.

Det gjer at me ser fårane som småe rørsler, mållag og undomslag medrekna, kann koma ut for når dei fær mykje pengar. Dei kann til dømes koma til å:

1) nytta pengar på fyremål som ligg utanfor det som er tiltenkt. Det er nok av gode ålmennkulturelle tiltak som ikkje trekkjer fleire tilhengjarar til ei rørsle, men som gjer seg godt for ettermælet og umdømet til dei som er aktive i rørsle.

2) yverfinansiera ymse slags prosjekt slik at midlar vert frigjevne, dette gjeld serleg dersom det ikkje vert passa på at det vert førde noggrande rekneskapar og kravd attendeføringar av yverskotsmidlar.

3) nytta pengar på tiltak som ikkje når ut til serleg mange. Til dømes bokprenting av store opplag av bøker som fåe er huga på å kjøpa. Eller til storfelde festsamkomor utan klåre målsetnader.

4) nytta pengar til å gjeva påskyningar til einskildpersonar. Dei fleste av motakarane hev god økonomi, og me tvilar på at det fremjar målsaki å gjeva einskildpersonar premiar på til dømes 50- 100 000 kroner, endå um det kann sjå fint ut i avisone.

5) skapa stridsemne millom flokkar som er usamde um korleis pengane bør nyttast. I den mannsalderen som millionfondet Halldor O. Opedals fond for mål-

reising og måldyrking hev vore i drift, hev det kvar einaste arbeidsbolk kome upp sure utspel frå folk som er misnøgde med kva pengane hev gjenge til.

Alle dei fire fyrste punkti kann for so vidt i praksis koma til å tena målsaki. Me skal ikkje svartmåla stoda, men me er langt frå visse på at det vil verta utfallet.

Me hev tidlegare peika på korleis stoda er i høgnorsk rørsle med dei lagi som er med i Vestmannafondet, og me kann ikkje sjå at hovuddragi er brigda. Vestmannalaget held dei faste lagsmøti sine, men gjer elles lite eller inkje for å fremja høgnorsken. I praksis er Vestmannalaget og Norsk Bokreidingslag ein og same samskipnaden av di Vestmannalaget hev fenge luteigarfleirtalet i Norsk Bokreidingslag. Utgjevingsruta til Vestmannen hev halde hardt dei siste åri. Vestlandske Mållag ligg nede. Laget vantar eit tenestegjerande styre og ein sjølvstendig økonomi. Ivar Aasen-sambandet hev halde årsmøte, men elles merkar me lite til laget. Heimesida på internetet segjer mest inkje. Noregs Mållag feirar seg og sine og held seg i den nynorske verdi si. Dei som vil vinna fram med høgnorsk, lyt venteleg sjå etter andre fora enn Noregs Mållag. Utan høgnorskdagar eller andre utspel vert det òg lite merksemd kring høgnorsken. Fondstanken kann neppe endra stoda, snarare forsterka sekterismen.

Alternativ

Alternativt ser me fyre oss at fondsgjevaren vurderar andre plasseringsformer enn i ein skipnad som Vestmannafondet. Det finst nok av døme på at folk hev havt mykje pengar og hev testamentert dei burt på ulike måtar. Det finst òg døme på at det offentlege hev gjeve pengar til granskingar kring kunsten, litteraturen eller samlingane til einskildpersonar. Me trur dette kann vera ein betre veg å gå. Um ein kneiset ein forskingsinstitusjon, eit museum, ei samling eller noko liknande, ligg det med ein gong ein yverbygning yver det heile, eit samlande upptak som stend fast, ein materialisert visjon. Motsatsen er å segja at eit styre på fem personar i Vestmannafondet kann sitja samla ein dag i året og skifta ut ein million kroner til det dei måtte lysta og so koma saman att eit år seinare.

Pengar kann terast burt, men idear lever derimot sitt eige liv. Målrørsla er tufta på idear. For ti år sidan vart det gjeve

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

ut ei ordlista og ein grammatikk på høgnorsk. Sidan den tid hev det ikkje vorte høve til å få ut nokor ordbok. Det hev vorte tala mykje fagert um det, men det hev vorte med dei fagre ordi. Ikkje av di det ikkje finst pengar, men av di det ikkje finst folk som tykkjer det er mun i det eller som hev tru på at det er nokon vits i å gjera det. Ein person må ynskja det og vera viljug til å driva det igjenom, og det snøgt, elles vert det med prat.

Hadde det stade til oss attum Målmannen, hadde me kome til å gjeva ut ordboki til Lars Eskelands frå 1924 og Leiv Hegstads Norsk grammatikk frå 1914 eller seinare. Dette er elementære hjelpebøker som er sårt tiltrengde for dei som ynskjer å læra seg det høgnorske målet. Dersom ein mann stelde garantiar for utgjevningssummen, vart det råd å få ut desse bøkene på under eit år. Me veit ikkje um det finst, men me kunde òg sjå fyre oss at det vart gjeve ut ei høgnorsk sitatordbok. Det hadde vore til stor framhjelp for alle som vil ha slåande frasar på høgnorsk. Me er visse på at det finst tiltak som er like prekære som desse, og me oppmodar lesarane av Målmannen til å setja dei fram i brev til bladet, so skal me bera dei fram for lesarane, for fondsgjevaren og for fondsstyret i Vestmannafondet.

Upphavet åt zionismen

Av Kenneth Kiplesund

Innleiing

Dette stykket er ei umarbeidd (og litt utvida) utgåva av ei oppgåva eg skreiv til KRL-eksamenen min ved Høgskulen i Volda 15. mai i år.

Eg vilde finna ut tvo ting:

1. Kva rørsler og stemneleider arbeide for zionismen fyre utgjevingi av boki "Jødestaten"? Her var det naudsynt å sjå på kva slags historisk bakteppe desse rørselone hadde, so ein kunde få eit betre inntrykk av oppblømingi og framvoksteren åt dei ulike rørselone.

2. Korleides utvikla den zionistiske rørsla seg etter at Theodor Herzls døydde? Her valde eg i hovudsak å sjå nærare på den kløyvingi som uppstod i zionistrørsla då "Union of Zionist-Revisionists" vart skipa i byrjinga av 1920-åri, og kva for politikk denne nye organisasjonen stod for. For å få samanheng i framstillingi, var det naudsynt å skriva litt om skipingi av "Den verdsumspennande Zionistorganisasjon".

Grunnen til at eg valde nett desse problemstillingane og desse hovudfelti, var at dette var sidor av zionismen som eg ikkje kjende so godt til. Theodor Herzl hadde eg høyrty mykje om tidlegare, men det var ukjend for meg at det fanst ei sopass mangslungi rørsla jamvel i tidi fyre honom. Kløyvingi i zionistrørsla på 1920-tallet var ukjend for meg, ho med. Difor vilde eg finna ut meir um desse hendingane.

Zionisme

Ordet "zionisme" kjem av ordet "Zion", som er namnet på eit fjell i Jerusalem. Tidleg vart dette ordet jamvel bruka som synonym for Jerusalem. Etter at tempelet vart øydelagt, då jødane vart tekne i eksil til Babylon, fekk "Zion" ei svært sterk symboltyding: Det uttrykte jødane si lengt om å få koma attende til heimlandet sitt. Sjå t.d. Salme 137:1: "Ved Babels elvar, der sat me og gret når me kom Sion i hug." Og v. 5: "Um eg gløymer deg, Jerusalem, so gjev mi høgre hand må gløyma meg!". Etter dette har lengti etter å få koma attende til Zion, til Eretz Israel (Landet Israel), stødt vori sterk hjå jødane. Dette kan ein serleg sjå i ei bøn som vert bruka ved Pesach (påske) og Yom Kippur (forliksdagen). Då bed den jødiske familien: "Neste år i Jerusalem".

Ismen som kjem av dette ordet, zionisme, er ei mangfeld rørsla med etter måten mange retningar. Men ein ting hev

vore sams for zionistane: "Å opprette et hjemland for det jødiske folk i det som jødene har kalt Eretz Israel (...)" (Det Mosaiske Trossamfund (2006 ?): <http://www.dmt.oslo.no/joededommen/sionisme/sionismen.html>, 12.05.06)

Tidleg zionisme

For å få ei god forståing av den tidlege zionismen, er det naudsynt å sjå litt på nokre hovuddrag ved stoda for jødane i dei europeiske samfundi i det 19. hundradåret.

Den franske revolusjonen letta livsvilkåri for mange jødar. Tidlegare hadde jødane ofte vorte forfylgde på religiøst grunnlag, men no vart jødane ofte jamstelde med andre grupper i samfundet. Men mange stader upplivde ikkje jødane denne fridomen. I Aust-Europa, serleg Russland, stod antisemittismen (jødehatet) sterkt. Her upplivde jødane tyning og pogromar (organisera åtak). Heller ikkje i Vest-Europa var jødane alltid jamstelde i praksis. Bakgrunnen for dette var nasjonalistiske straumdrag i desse landi. Sidan jødane ikkje hadde sitt eige land og alltid laut vera gjester i eit anna land, vart dei gjerne sedde på som framande. Dette førde vidare til antisemittisme. Dette vart kalla det jødiske problemet. Sume jødar hadde sitt eige svar på dette problemet: zionismen. Men som me skal sjå, hadde dei kvar si syn på korleides zionismen skulde vera i praksis.

So lenge kampen um jødisk jamstilling stod på, var det lite grorbotn for ei nasjonalistisk rørsla som zionismen. Ein av grunnane til dette var at dei fleste jødane var positive til å lata seg assimilera, dei vilde verta eitt med det samfundet og folket dei budde hjå. Ein annan grunn til at det var fåe som ytra seg um tanken um eit eige jødisk heimland, var otten for å verta sedde på som unasjonale. Dette var ei skulding som ofta var retta mot jødane, at dei ikkje vilde festa seg nokon stad, dei var "rotlause umstreifarar".

Men det fanst einskildpersonar som våga å standa upp for det dei trudde på. Nokre av deim var rabbinarar. Dei såg på jødisk innvandring og busetjing i Israel som noko som kunde få fart i attendevendingi til Messias. Tvo namn er sentrale her: Zvi Hirsch Kalischer og Jehuda Alkalaj. Desse meinte at jødane aktivt skulde arbeida for å få sin eigen stat i Palestina. Dei meinte at jødane skulde

venda kollektivt attende til Zion. "Først skulde landet forløses med menneskelig hjelp, deretter gjennom Guds under. Alkalaj oppfattet (...) hjemkomsten som en dobbelt sådan. Først vender jødene tilbake til Sion, deretter vender Gud seg helt til dem med medfølelse og herlighet (...)" (Pedersen 2002: 30). Dette var i strid med den vanlege jødisk-ortodokse oppfatningi. Dei ortodokse meinte at det var Messias som skulde bringa jødane attende til landet sitt. Å hævda at jødane skulde gjera dette sjølve, vart av mange nærast sett på som blasfemi. I den religiøse zionismen låg det dessutan ei fyrestilling um at det jødiske religiøse livet berre kunde vert livt fullt ut i "Eretz Israel". Europa vart meir og meir sekulært, Israel var den eineste staden der jødane kunde liva i pakt med Toraen.

Det var sekulære jødar òg som la fram zionistiske idear, og det er den sekulære zionismen som hev vorte førande i den moderne zionistrørsla. Ein av dei tidlege tenkjarene innanfor denne retningi var Moses Hess. I 1862 gav han ut boki "Rom og Jerusalem". Hess var kveikt av den italienske rikssamlingi i 1859. Han gjorde bruk av dei sterke og livande religiøse fyrestellingane som livde hjå jødane um det lova landet Israel. Men Hess meinte at desse fyrestellingane laut verta sette frie frå dei religiøse dogmi. "Eretz Israel måtte helt konkret gjøres til jødernes historiske eiendom - og dermed også til det eneste naturlige målet til deres nasjonale "forløsning" eller "gjenfødelse" (Butenschön 1984: 68). Hess hadde den syni at "det jødiske problem" "løses best ved opprettelsen av en jødisk, sosialistisk mønsterstat i Palestina, der produksjonsmidlene er i offentlig eie og der samfunnet er organisert etter kooperative og kollektive mønstre" (Pedersen 2002: 33). I boki åt Hess finn me alle dei byggesteinane som seinare skulde leggja grunnlaget for den zionistiske tenkjingi.

Ein annan tidleg aktør på den zionistiske arenaen var "Hibbat Zion", "Kjærleik til Zion". Ideologisk inspirator og den fyrste leidaren for rørsla heitte Leon Pinsker. I 1882 publisera han skriftet "Auto-Emancipation" ("sjølvfrigjering"). Her hævda Pinsker at jødane alltid kom til å vera gjester i alle landi dei busette seg i. Den einaste løysingi på denne ugreda var at jødane frigjorde seg sjølve og busette seg i sitt eige land. I denne boki

argumentera han ikkje spesifikt for at dette landet måtte vera Israel, Pinsker såg fyre seg Argentina som eit eigna busetnadsveld. Men seinare endra han syn på dette. I 1884 vart han leidar for "Hibbat Zion", som seinare vart betre kjend under namnet "Hovevei Zion", "Zions elskarar". Denne rørsla fungera som "paraply" for mange små og spreidde zionistiske grupper, som jamt og samt var lokalisera i Russland. Lagsmennene i denne gruppa byrja å busetja seg i Palestina, dei fyrste for alt i 1882. Men mange gav opp prosjektet etter ei tid. Grunnane til dette var m.a. sjukdom, fattigdom og arbeidsløysa.

Verda sin zionistorganisasjon

Vandemålet åt desse zionistiske pionerane var at dei ikkje greidde å få studnad hjå fleirtalet av dei europeiske jødane. I 1896/1897 vart det onnorleides. Fyrst kom Theodor Herzl med boki "Jødestaten". Denne boki gav inspirasjon til skipingi av "Den Verdsumspennande Zionistorganisasjon" i 1897. I denne organisasjonen kunde alle jødar arbeida saman: "Rabbinere og ateister, sosialister og kapitalister, politiske og religiøse zionister fra alle land av betydning i den jødiske verden. Dermed hadde det jødiske folket fått et felles organ som folk, uavhengig av alt som skilte de ulike gruppene jøder." (Myrland 2004: <http://www.miff.no/nyheter/2004/07/23TheodorHerzlOgZionismen.htm>).

Målet for den nye samskipnaden vart: "Å skape et hjemsted i Palestina for det jødiske folk sikret gjennom offentlig lov" (Butenschøn 1984: 80). I denne organisasjonen var det den politiske zionismen som rådde grunnen. "Betegnelsen "politisk sionisme" refererer til de prinsippene for sionistbevegelsens strategi som Herzl utviklet" (Butenschøn 1984: 76). Herzl meinte at jødane kunde byggja opp sin egen stat einast um dei fekk ein internasjonal garanti for denne staten. Difor laut zionistorganisasjonen arbeida opp mot statsleidarar i ulike land for å freista å oppnå denne garantien. "Herzls plan var å foreslå en avtale med den tyrkiske sultan der Tyrkia skulle tilbys gigantiske lån fra jødene mot garantier for jødernes rett til masseimigrasjon og selvbestemmelse i Palestina" (Butenschøn 1984: 76). Dette framlegget vart avvist av sultanen. Herzl gjekk inn i tingingar med europeiske statsleidarar, men han fekk negativt svar hjå desse med.

Herzl stod ikke dogmatisk på at den jødiske staten laut liggja i Palestina. I

1903 kom han med eit framlegg um Uganda som heimland for jødane. Dei aust-europeiske lagsmennene i zionistorganisasjonen tok sterkt til motmæle mot dette, dei gjekk so langt som å truga med å ganga ut or organisasjonen dersom planen vart vedteken. Det vart fastsett å senda ein delegasjon for å undersøka området. Men etter at Herzl døydde i 1904, vart Uganda-planen skrinnlagd.

I 1920 vart Chaim Weizmann ny leidar for organisasjonen. Han hadde vore ein førande figur i rørsla alt frå 1907. No var zionistane fastsette på å skipa eit heimland i Palestina. Dei tinga med britane um regionen og i 1917 kom eit konkret resultat av dette: Balfour-fråsegn. Her vart jødane lova "et nasjonal heimland i Palestina" (Balfour 1917: 34). Men "erklæringen var ikke juridisk bindende (...) Et jødisk selvstyre eller i hvilken grad jødene skulle ha innflytelse over avgjørelser som ble tatt, ble ikke nevnt. Tolkningen varierte etter britenes interesser, og erklæringen ble modifisert flere ganger på 20- og 30-tallet (...), til det i praksis var lite igjen av den" (Kieding 2000: 37). I 1922 kom ei fråsegn som sagde at den britiske regjeringi "ikke hadde noen intensjoner om at Palestina skulle bli like jødisk som England var engelsk" (Kieding 2000: 37).

Zionistrørsla møtte med kvart veksende åtfinningar (kritikk) frå sine egne. Åtfinningane gjekk serleg på at det ikkje vart tinga med britane um at Palestina skulde verta jødisk. Det vart sagt at zionistorganisasjonen vilde samarbeida med britane for kvar ein pris. "Det var en fare for at sionistbevegelsen kunne komme til å ende opp som en organisasjon uten virkelig innflytelse og diskusjonene var store internt om den videre framgangsmåten" (Kieding 2000: 38). Men Weizmann meinte "at et jødisk Palestina måtte komme steg for steg" (Kieding 2000: 38).

Dette indre kivet, og det at britane stødt gjorde brigde (endringar) i Balfour-fråsegn, "gjorde at man rundt 1930 så ganske mørkt på situasjonen. En jødisk nasjonalstat syntes svært langt borte" (Kieding 2000: 38). Britane hadde mest å segja for tingingane, og det gjorde ikkje situasjonen greidare for jødane. For å få litt meir albogerom vart "Jewish Agency" (i praksis en part av zionistorganisasjonen) opna for jødiske ikkje-zionistar med. Desse tok yver tingingane med britane, "noe som enkelte fraksjoner innen sionistbevegelsen fant hardt å svelge" (Kieding

Tekniske spørsmål

Bladstyraren for Målmannen hev fenge brev frå Lars Lundheim, fyrsteamanuensis ved institutt for elektronikk og telekommunikasjon på NTNU:

Eg hev no lese fleire av dei tekniske stykkja dine i Målmannen. Eg må seia at det er gildt å sjå at folk innan mitt eige (eller nærskylde) fagfelt legg arbeid i å uttrykkja seg på godt norsk. Sjølv nyttar eg nynorsk i undervisinga mi ved NTNU, og freistar finna gode avløyserord so godt eg kann. Fagfeltet mitt er sig nalhand-saming, so eg er ikkje so nær fysikken som du.

Når det gjeld "avionics" veit eg at ordet avionikk hev vore nytta på norsk. Elles ser eg at du sjølv nyttar "interrupt" i hovudoppgåva di. Dei som driv med sanntids-datateknikk her uppe hev (på bokmål) nytta "avbrudd" i mange år. Då skulde vel avbrot kunne vera brukande i nynorsk. Dei fleste av oss toler vel betre framandord med latinsk enn engelsk opphav, og slik sett kunde vel interrupt nyttast i nynorsk med rett fram uttale sidan det tvillaust hev latinsk rot. [...]

Nett no er eg på farten til Sambandsstatane, der eg skal vera eit år. Eg skal senda ny tilskrift åt Målmannen, og ser fram til fleire artiklar om realfaglege emne.

Um Lars Bjarne Marøy si melding av heftet "NS, høgnorsken og riksmålet", hev me elles fenge fylgjande attendespel frå Finn-Erik Vinje:

Jeg har nå lest artikkelen, og tonen i den er så utrivelig at den fratar meg enhver lyst til å føre noen dialog med forfatteren. Og ettersom han gang på gang trekker i tvil mine alminnelige åndsevner, kan det vel heller ikke komme noe positivt ut av en slik dialog. Jeg vet ikke om forfatteren misforstår og forvrenger med vilje eller om han simpelthen ikke kan lese innenat, men sommeren er for kort til at jeg skal bruke noen solfylte timer på å gjendrive hans uetterretteligheter.

Dvergemålet

2000: 38)

Revisjonistisk zionisme

Ein mann som merkte seg ut med krass åtfinning av den rådande zionistiske politikken i millomkrigstidi, var Vladimir Jabotinsky.

I 1925 kom det til kløyving millom "Den verdsumspennande Zionistorganisasjonen" og Jabotinsky og dei som studde honom. Då vart "Union of Zionist-Revisionists" starta. Politikken til denne nye organisasjonen, som vart leidd av Jabotinsky, var å få "et selvstyrt land med jødisk majoritet på begge sider av Jordanelven" (Kieding 2000: 39). Dette valdet inkludera Trans-Jordan med, men dette hadde jødene ikkje fenge lovnad um i Balfour-fråsegnen. Her ser ein tydeleg at politikken hans Jabotinsky var utforma med brodd mot synsmåtene åt "Den verdsumspennande Zionistorganisasjonen" og Weizmann. Sistnemnde meinte det ikkje var naudsynt med ein jødisk majoritet. Jabotinsky ivra for ein masseimmigrasjon av jødar, han opna for 40-60 000 immigrantar kvart år. Han freista å få britane til å samarbeida med seg um dette, utan resultat.

I skriftet "Jarnveggen", som kom ut i 1923, skriv Jabotinsky m.a. om korleides han ser fyre seg at zionistane laut te seg andsynes arabarane i Palestina: "For det første: Utvisning av araberne fra Palestina er på enhver måte absolutt umulig. Det vil alltid være to nasjoner i Palestina - noe som er greit for meg, bare jødene kommer i flertall. (...) Som leseren kan se, er våre hensikter fullstendig fredelige. Men det er en ganske annen sak om det vil være mulig å nå våre fredelige mål med fredelige midler. Det avhenger ikke av vårt forhold til araberne, men utelukkende av arabernes forhold til sionismen" (Jabotinsky 1923: 46). Jabotinsky meinte at arabarane aldri kom til å godtaka den jødiske immigrasjonen til landet. Han fann åt dei som meinte at eit samtykkje med arabarane var ein naudsynt fyresetnad for zionismen. Revisjonist-leidaren meinte at det ikkje var råd å koma til ei fredeleg løysing med arabarane utan at jødane med makt synte at dei var tenkt å verta verande i landet. "Jødene måtte aldri igjen bøye hode, bare med våpen i hånd kunne de oppnå respekt" (Butenschön 1984: 175). Jabotinsky held fram: "Kolonisering kan derfor bare fortsette å utvikle seg under beskyttelse av en makt som er uavhengig av den lokale befolkningen - en "jernvegg" som den innfødte

befolkningen ikke kan trenge gjennom. Dette er i sin helhet vår politikk overfor araberne. (...) Alt dette betyr ikke at en eller annen avtale er umulig å etablere; bare en frivillig avtale er umulig. (...) Bare når det ikke er et eneste synlig gjennombrudd i jernveggen, bare da vil ekstreme grupper miste sine grep og innflytelsen overføres til moderate grupper Bare da vil moderate grupper komme med forslag om gjensidige innrømmelser" (Jabotinsky 1923: 49-50).

Jabotinsky meinte at den rådande politikken i zionistorganisasjonen var naiv og meiningslaus. "Så lenge britene i praksis var anti-sionister, kunne ikke Weizmanns skrittvisе politikk føre til etableringen av en jødisk stat" (Kieding 2000: 40). "Revisjonistene mente at Sion måtte bli et tilfluktssted, uten de lange og grundige forberedelsene som Weizmann var talsmann for" (Kieding 2000: 41). På slutten av 30-talet stod revisjonistrøsla m.fl. bak "en storstilt illegal immigrasjon til Palestina" (Kieding 2000: 41).

Leidingi i "Den verdsumspennande Zionistorganisasjon" klaga Jabotinsky for å vera uandsvarleg, og fann åt det militante huglaget hans. Det vart eit svært slit-samt tilhøve millom dei tvo partene, og det vart meir og meir klårt at dei definera måli og midli åt zionismen ulikt.

På slutten av 20-talet og fram til andre verdskrigen var den revisjonistiske rørsle ei stor utbøjing til hovudstraumen av zionismen. Men oppslutnaden um rørsle var likevel ikkje ovleg stor, hovudgrunnen til dette var den kompromisslause framgangsmåten til Jabotinsky. Med kvart som Adolf Hitler intensivera forfylgjingi av dei tyske jødane, vart revisjonistane endå meir gira på å få skipa ein jødisk stat. "Et eksempel er at revisjonistene og de polske myndighetene på 30-tallet samarbeidet - med ulik motivasjon - om å få jødene ut av Polen." (Kieding 2000: 41).

Usemja millom "Den verdsumspennande Zionistorganisasjon" og revisjonistrøsla utkrystallisera seg also fyrst og mest i ulike syner på framgangsmåte. Synet hans Jabotinsky vert ofta kalla maksimalistisk zionisme. Revisjonistane sagde rett ut kva slags mål dei hadde og var like klare på kva middel dei vilde nytta for å uppnå dette. "Mainstream"-zionistane var meir interesserte i å pakka inn meningene sine og arbeida meir i det dulde. Dei var dei offisielle målmennene for zionismen, og laut halde seg inne med både dei britiske styresmaktene og arabarane. Dei laut blidgjera britane og

samstundes var dei òg redde for å provosera arabarane.

Avslutning

Som me kann sjå, hev zionismen alltid vore ei mangslungi rørsle. Dette ser vi i dag med: Ein målsmann for zionismen, Ariel Sharon, gjekk inn for å flytja jødiske busetjarar frå stader der det bur mange arabarar. For dette møte han svært krass åtfinning frå meir konservativt zionistisk hald.

Kjelder

- Balfour, Arthur James (1917): Balfourerklæringen I: NIS-info, nr. 3/2004.
Bibelen.
Butenschön, Nils A. (1984): Drømmen om Israel Oslo: Universitetsforlaget.
Det Mosaiske Trossamfund (2006 ?): Sionismen, <http://www.dmt.oslo.no/joededommen/sionisme/sionismen.html>.
Harket, Håkon (2001): Jødestaten. Historien om en moderne ide Oslo: Universitetsforlaget.
Jabotinsky, Vladimir (1923): Jernveggen I: NIS-info, nr. 3/2005.
Kieding, Vibeke (2000): Neste år i Jerusalem? Sionisme blant de norske jødene i mellomkrigstiden (Hovedoppgåve i historie). Oslo: Universitetet i Oslo.
Kressel, Getzel (1997): Zionism: The word and its meaning I: Encyclopaedia Judaica: CD-ROM edition Jerusalem: Judaica Multimedia.
Medoff, Rafael & Waxman, Chaim I. (2000): Historical Dictionary of Zionism London: Fitzroy Dearborn Publishers.
Moen, John A. (1995): Midtøsten: Konflikt uten ende? Oslo: Lunde Forlag.
Myrland, Odd (2004): Theodor Herzl og sionismen, <http://www.miff.no/nyheter/2004/07/23TheodorHerzlOgZionismen.htm>.
Pedersen, Hans P. (2002): Aliyah - drømmen som ble virkelighet Oslo: Rex Forlag.
Rian, Dagfinn (1999): Jødedommen I: Dagfinn Rian & Levi Geir Eidhamar (1999): Jødedommen og islam Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
Zionism and Israel Information Centre (2005): A History of Zionism and the Creation of Israel, http://www.zionism-israel.com/zionism_history.htm.
Wagner, Matthew (2005): Den Ortodokse Union: Israel er skyldig i diskriminering, <http://www.norskisraelsenter.no/nor/antisjoed/2005-07-08-ou-diskriminering.php#pressekonf>.

Medan Europa sov

Av Christen Krogvig

Bruce Bawer,

While Europe slept - How radical islam is destroying the west from within,
Random House, 2006,
237 sidor, engelsk tekst.

Forfattern sitt hovudsynspunkt er samla i undertitelen, "korleides radikal islam øydelegg Europa frå innsida". Bawer syner til ei rad kjeldor og hendingar som syner at Europa er å ta verta kolonisera av islamistar. Islamismen er etter det Bawer fortel ein ideologi som tvers igjennom er i strid med dei mest grunnleggjande verdiane eit liberalt samfund er tufta på. Toleranse andsynes menneske med anna livssyn, toleranse andsynes menneske med onnor seksuell orientering og tanken um jamstelling og likeverd for kvende er alle verdiar truga av islam. Bawer syner her til store mengder dokumentasjon som underbyggjer at muslimske innvandrara ikkje vert assimilera i dei landi dei flytter inn i. Snarare tvert i mot. Dei vel å halda seg for seg sjølve og fremja sin eigen islamske kultur som den rådande og suverene. Soleides kann muslimane kolonisera Europa, der dei litt etter litt byter ut demokratiske og liberale verdiar med den udemokratiske tynarideologien som heiter islamisme. Og som kolonistar flest syner mange av dei suveren vanvyrndnad for verdiane å dei som vert kolonisera, dei reknar oss for dekadente og feige. Likevel er dei mer enn viljuge til å nytta seg av dei velferdstilbodi som me gjev deim. Æra er viktugt for muslimane, men å brødfø seg sjølv er ingi æressak for deim, skal me tru forfattern.

For å illustrera dette poenget vert det synt til ei rad ulike døme på skortande europeisk evna, eller vilje, til å hevda nasjonal suverenitet og liberale vestlege verdiar: I Frankrike er det bydelar der franske tenestemenn held seg heilt utanfor, av di dei hev age for muslimane som no "eig distrikti". På same måten vert muslimske gjentor kynslemlesta utan at styresmaktene grip inn, jødiske og kristne born kjem ut for vald og trakassering på skulen og innvandrara frå muslimske land toppar valdtekststatistikken. I Nederland hev det gjenge so langt at mange vel å reisa frå landet av di muslimane hev gjort det svært vandsleg å bu vidare i eige heimland. Og slik kann ein halda fram. Dømi på fæle konsekvensar i kjølvatnet av masseinnvandringi er tallause, men

den europeiske makteliten svarer med å stikka hovudet i sanden og intensivera kampen mot dei som torer tala um det som hender.

Eit anna aspekt ved denne tilskeivingi er framvoksteren av jødehat. Dette jødehatet hev langt på veg vorte drive fram av vinstresida sitt krosstog mot Israel, men samstundes syg det ny næring frå den nedervde muslimske antisemittismen. Det faktum at Israel, i motsetnad til Europa, ikkje legg seg flate for islamistane, hev gjort sitt til at denne antisemittismen hev loga upp att. Bawer syner til ei rad døme på korleides jødiske born dagleg vert trakassera yver heile kontinentet. Slik Bawer ser det er jødane sjølve atterhaldne med å tala um dette for å ikkje skjerpa konflikten. Men i Frankrike hev yvergripi mot jødar fenge eit slikt umfang at den tidlegare israelske statsministeren Ariel Sharon i 2004 oppmoda alle franske jødar om å reisa frå landet. So snøgt som råd var. Og Bawer fortel vidare i detaljar um korleides antisemittismen atter er vorten politisk korrekt, millom anna i Noreg. Endå det for etniske nordmenn rett nok er mest vanleg å pakka dette huglaget inn i vendingar som "kritikk mot Israel".

Men forfattern, som er homofil, er ikkje minst ihuga for dei rettane som denne gruppa hev uppnått. Han hev tidlegare gjenge til åtak på kristenfundamentalistar som ikkje godtek homofili. Men stelt andsynes krefter som gjeng til åtak på honom fysisk (han fortel um at han sjølv og sambuaren hans hev vorte utsette for fysisk vald på grunn av at dei er homoseksuelle), innser han at dei kristne djupast sett er alliera med honom, etter di dei likevel ynskjer å lata homofile liva i fred.

Og Bawer hev mange fleire gode poeng. Eitt av deim er illusjonen um kor opplyste me nordmenn er. Takk vere millom anna pressestudnaden er Noreg på verdstoppen i avislesing pr. ibuar. Då forfattern flutte til Noreg, vona han difor å møta eit opplyst folk. Men Bawer vart snart vonbroten. For på ei rad spørsmål var norske journalistar opplærde til å meina det same. Bawer peikar på at i Europa er fyremålet med kommenterande journalistikk som oftast ikkje å bringa inn nye perspektiv, *men å minna folk um kva dei skal meina*. I USA, hævder Bawer, er det langt større breidd innanfor journalistikken. Bawer peikar på at det som i USA

vert uttala som "europeiske synsmåtar" fyrst og fremst er eliten sine synsmåtar, og at fråstandet millom det som vert rekna som "europeiske synsmåtar" og det europear faktisk meiner, kann vera stort.

Umframant hovudsynspunktet tek forfattern upp andre europeiske tilhøve som han mislikar sterkt. Eitt av deim er anti-amerikanismen. Eit anna er skort på realpolitisk innsikt. I faret å anti-amerikanismen fylgjer pasifismen. Bawer er ein amerikansk skribent, og glad i heimlandet sitt og den fridomsideologien som USA er tufta på. Men då Bawer for nokre år sidan flutte fyrst til Nederland og seinare til Noreg, vart han bombardera av sinnbilete som han ikkje lika.

Bawer er tydeleg nok svært arg på den europeiske hetsen mot USA, landet som hev berga Europa mange gonger (skal me tru forfattern kann ein koma til å trenga fleire militære bergingsaksjonar!). For alt amerikansk vert uttala i nedsetjande ordelag. Og europearar er uhøflege nok til å bretta ut misnøgja si når amerikanarar kjem på gjesting. Noko slikt gjer ikkje amerikanarar mot europearar som gjestar deim. Det gjer ikkje saki betre at kritikken som oftast er bygd på vantande realpolitiske innsyner, og Bawer er luta leid det heile. So leid at boki stend fram som eit motåtak på heile tenkjingi og retorikken å den europeiske "eliten".

Men den krasse kritikken vert diverre mest like unyansera som som den europeiske kritikken mot USA. Til dømes syner han ingi skynsemd for den misnøgja som kom med det amerikanske åtaket på Irak. Som me hugsar var grunnlaget for krigen færen for misbruk av masse-dråpsvåpen. Slike våpen vart berre funne i sers småe mengder etter invasjonen.

Men Bawer hev rett i at det europeiske ynsket um fred for kvar ein pris er fårlegt. Islamistane er berre so altfor viljuge til å slåst for territorium, og for at deira egne verdiar skal få råda. Amerikanarane er viljuge til å kjempa for fridomen sin og dei vestlege verdiane, men forfattern vert forstøkt yver at europearane ikkje er viljuge til å slåst for noko slag. Likevel hadde framstillingi styrkt seg på ei betre forståing for at europearar flest ikkje tykkjer noko um at Bush gjekk til krig på eit grunnlag som ikkje hev late seg underbyggja yvertydande nok i den vestlege pressa i ettertid. Mange amerikanarar er samde med europearane i dette, uten at

det gjer deim til uvener av USA av den grunn.

Det er ei rad andre døme med som illustrerar at europearane vantar handlekraft. I Nederland er både ein leidande politkar, Pim Fortuyn, og den kontroversielle filmskaparen, Theo van Gogh, drepne. Men eliten vaknar ikkje upp. Den leidande opposisjonspolitikaren i landet, Geert Wilders, lyt sova i ei fengselscella av di riksstyret ikkje kann, eller ikkje vil, finna verksame åtgjerder til å kontrollera kreftene attum terroren.

Det er denne skortande handlekrafti som leider boki fram til ein høgst pessimistisk konklusjon. Men me kann gleda oss yver at Bawer ser eit ljospunkt i Danmark. Her hev millom anna Dansk Folkeparti gjort eit framifrå godt arbeid. Noko tilsvarande finst ikkje i Noreg enno. Men han hev ei liti von for Noreg med.

For her hev vinstresida enno ikkje makta å stogga feiringi av 17. mai. Me hev sagt nei til EU og det er ikkje alle nordmennene som svivyrder upphavet sitt, samheldeverdiane og dei kristne verdiane.

Bruce Bawer hev tidlegare gjeve ut "Beyond Queer" og "Stealing Jesus" som båe handlar um samfundet sitt syn på homofili. Da eg las "When Europe slept," fekk eg tokken av at Bawer heldt seg godt ute til høgre i Det republikanske partiet i USA, og at det er mykje av grunnen til det store fråstandet han kjenner til europeisk vinstresida. Men Bawer skal visst kalla seg sjølv for "libertarianar" og vera registrera som demokratveljar.

I dei seinste åri hev det vorte gjeve ut ei rad bøker som handlar um den fåren som masseinnvandringi og islamiseringi er for Europa. Dei ulike bøkene hev litt ulike innfallsvinklar i høve til denne prob-

lematikken. Sume tek fyre seg islam frå ein teoretisk ståstad. Andre forkynnar kristendom og atter andre er nasjonalistiske. Innfallsvinkelen åt Bawer er eit vern um liberale verdiar, men ikkje berre det, han stend jamvel upp for verdiane åt dei europeiske nasjonane og serhåtten deira. For min eigen part hev eg tykt godt um alle dei bøkene eg hev lese um slike emne. Kann henda av di eg vert kveikt av at nokon i det heile torer og idest å taka dette upp?

Styrken åt denne boki er ikkje teoretisk analyse av islam, men ei verdfull mannjamning millom amerikanske og europeiske tilhøve og dessutan eit fokus på nyhendeuppslag. Det siste er med på å få påstandi frå forfattaren til å stå fram som godt dokumentera. Eg vil difor på det sterkaste tilrå denne domedagsprofetien yver Europa sedd med amerikanske augo

Vera P. Strogova - Ei måldame frå Novgorod (Holmgard)

Av Alexey Kurbanov

"Kva den eldgamle byen Novgorod hev havt å segja for Russlands historie og kultur (i 1989 vart byen 1130 år) er ålment kjent. Novgorod er namngjeten for ein gamal skriftmålskultur. Me kann gjera oss kjende med det livande målet åt ein av Novgorods innbyggjar frå millomalderen gjennom lesing av brev på never. Desse brevi er skrivne av folk frå ulike aldersgrupper og ymsande sosial status. Neverbrevi gjer det mogelegt å uppdaga nye sidor av millomaldersoga frå ca. år 1000 til år 1400; dagleglivet, kulturen og målet. Ikkje minst gjeld dette intelligensiaen i Novgorod.

"Dei fjerne forfedrane våre vart kjent med naturi ikring gjennom fornuft, arbeid og kjenslor; dei skapte ordmeisterverk som me ofte ikkje tenkjer på... Men ordet er likeins ein viktug, "uuttakeleg" part av den nasjonale kulturen vår; sjølvmedvitet som hev røter ned i livsens tusundårlege sjikt: folket si soga "atter-spegjar" seg i ordet som i vassdroppen" (3, s. 3).

Desse vakre ordi (slik kunde det gjerne ha vorte sagt um kvar einaste nasjonale språkkultur) er henta frå fyreordet til boki "Som ein talar i Novgorod-valdet" av prof. dr. Vera P. Strogova - ei ekte måldama frå Novgorod, som bruka heile livet sitt til å samla gamle og nye dialektord frå ulike distrikt kring Novgorod (Holmgard), ein region som i norrøn tid vart kalla Gardarike. Ho var ei blyg bygdagjenta som vart universitetsprofessor

med stort namn (diverre er namnet hennar lite kjent, um ikkje heilt ukjent her i Noreg). Kvifor er det nett ho som eg no vil fortelja um? Når einkvan steller spursmål um korleides folkegrupper frå ymse stader i Russland (serleg dei som ligg langt frå einannan) kann skyna einannan, er svaret at det ikkje er noko vandt i det heile, av di flestalle "etniske" russarar (i alle fall 99,99 %) talar (og skriv) læreboknormal heilt frå barndomen. Når det er spursmål um det finst dialektar i Russland i det heile, - kann ein svara både ja og nei. Å bruka dialektord, "bygdord" i det russiske folkesamfundet vart aldri rekna som god folkeskikk (nett som her i Noreg for um lag 50 - 60 år sidan), det er framleides mange vanlege intelligente menneske som meiner at det er uhøvla, mest vulgært. Og dialektane er "lagde ned" i offentleg talemål, må vita, i radio- og TV-sendingar. Difor døydde målføri våre mest ut, berre nokre gamle og millomgenerasjons bygdefolk brukar framleides eitkvart dialektordet (blanda med læreboknormalord) i daglegtala, dessutan kann tonefallet vitna um det upphavlege målføret. Soleides er det svært viktugt og aktuelt for målgranskarar og språkhistorikarar å granska og studera dialektrestar, samla og jamføra ymse dialektord og gjeva ut dialektordbøker. Dette store arbeidet tok til alt på 1800-talet, sidan den store "Tolkeordbok av det livande russiske målet" av Vladimir I. Dahl kom ut (denne ordboki i fire bind er faktisk ei ovstor "blandasamling" av både vanlege læreboknormalord,

ein god slump dialektord og hopetal med gamaldagse ord og lånord, mange av deim er alt utdøydd). Arbeidet i dialektforskningi utvikla seg serleg på 1900-talet, og ei av dei mange som gjorde ein so stor og viktug innsats i det, var Vera P. Strogova.

Vera Pavlovna (på norsk er det same som "Vera Paulsdotter") Strogova vart fødd i 1924 i bygdli Lipägi i regionen Tver. Ho hadde upplivd krigen og byrja å jobba alt i 17-årsalderen. Ho vart utdانا leksikograf og språklærar frå Kalinin (noverande Tver) Pedagogisk Institutt i 1949. Seks år seinare fullførde ho etterhøgutdanning ved Moskva Universitet. I april 1956 svara ho for kandidat-avhandlingi si. Ho vart førskulelærar, lærar i russisk språk og litteratur på ein grunnskule, seinare dosent, adjunktprofessor, og sistpå professor i filologi-slavistikk ved Novgorod Pedagogisk Institutt som sidan 1993 vart ein part av ein endå større institusjon - Novgorod Universitet.

I Strogova sin offentlege biografi er det sagt at ho hadde framifrå språkkjensla og svært breidt lingvistisk og metodisk innsyn. Ho var grundig og noggrann i granskingane sine og vilde stødt granska meir innanfor faget sitt. Gjennom mange tiår gjorde ho eit stort arbeid i dialektthistorisk leksikologi og leksikografi. I kandidat-avhandlingi si granskar ho dialekttalemål i regionen ved elvi Msta (nørdre part av regionen Tver). Dei neste artiklane og monografiane hennar er knytte til gransking av ordrikdom i nord-

vestrussiske dialektar og urgammelt Novgorod-skriftmål. Strogova gav ut yver 100 vitskapsverk, og eg vil serskilt taka fyre meg tri verk frå 90-talet. Det fyrste som eg vil nemna, er brosjyren "Eldgamle stadnamn i Novgorod og der ikring" (1993) - ei framifrå forteljing um den ovringi som heiter "orienteringstoponym", det er orienteringsstadnamn som merkjer ein stad der ei kyrkja eller eit kloster vart bygt.

"Dei toponymi, - skriv Strogova i fyreordet åt denne brosjyren, - hev serskild tyding. For det fyrste, nokre av deim sprang ut fyre det vart bygd kyrkja på denne staden, dei hine vart kjende berre i samband med kyrkjebyggjngi. For det andre tente (og tener) toponymi til orientering, dei peikar på minnesmerki sin plass av di det var (og er) mange kyrkior med dei same namni (her meiner ein namni åt nokre helgenar eller kyrkjehøgtidsdagar som eikor kyrkja vart innvigd til. - A. K.). Det er naudsynt å understrika at slike orienteringsstadnamn som peikar på einkvan kyrkjebygning, hev livsgrunnlag so lenge kyrkja stend. Når kyrkja sitt liv endar, vert toponymet med kvart gløymt; kyrkjenamnet og stadnamnet er uåtskillege frå einannan." (2, s. 3).

I etterordet konkluderar Strogova denne tanken:

"Novgorod-krinsen sine orienteringstoponym som merkjer plassen (staden) der kyrkja eller klosteret er (var), er urgamle, frå 1000- til 1300-talet. Novgorods toponym finst mange gonger i skriftelege "minnesmerke" frå dette territoriet. Desse minnesmerki tek vare på språklege sermerke av Novgorod-slavar frå gamaltidi..."

"Mange av orienteringsstadnamni som merkjer einkvan staden, spirde ut lenge fyre det kom til kyrkje- eller klosterbyggjng på dette territoriet. Det vitnar um akutt naud hjå forfederne våre for å skilja eit geografisk objekt frå eit anna. Utan dette er normalt menneskeliv ikkje mogleg i det heile; folket gjev namn til ein stad etter dei teikni som synest mest viktuge og mest karakteristiske for menneski. Toponymi kann vitna um det geografiske, sosiale og kulturelle miljøet som forfederne våre i Novgorod og umlandet levde i."

"Desse stadnamni gjev ikkje berre høve til å rekonstruera ein definert utviklingsperiode av eldgammelt russisk språk på eit konkret territorium i landet, dei hjelper jamvel med å reisa oppatt desse landskaps-, kultur- og sosiale levkåri åt russarane i gamaltidi. Og i dette finst den unike verdien og eksklusivitet dei gjev oss

til å koma vidare i austslavisk namngransking. "

"Orienteringsstadnamni... er merkelege og livande kjeldor til å læra noko um den materielle og åndelege kulturen til den eldgamle Novgorod-innbyggjaren. Målet er soga vår med. Alle veit at mikrotoponymi (namni på mindre plassar. - A. K.) er kjensgjerningar i eitt mål og kreative produkt som eitt folk hev laga seg; folkeflytjing fører til massestadnamnbyte, mikrotoponym hev lettast for å verta brigda. "Stadnamnlagring" på Novgorod-territorium i mange hundradår vitnar um fast folkesetnad på dette territoriet." (2, s. 38 - 39).

Ei liti og alt umtala "utdragsordbok", "Som ein talar i Novgorod-området" (1991), vart ein av dei viktigaste "mursteinane" til Strogova sitt siste og faktisk største verk, hovudverket hennar, laga i samarbeid med kollegaer frå språkdeildi åt Novgorod Universitet - "Novgorod Regionordbok" i 12 bind (1992 - 1995). Dette storverket var ein verdig finale i Strogova sitt vitskapsliv, det siste verket som ho sjølv fullførde (i 2000, fire år etter ho døydde, kom det ut eit tilleggsbind nr. 13 som vart eit slags ekstra opplysnings- og hjelpemiddel ved bruk av dei fyrre bandi)."Novgorod Regionordbok" var tufta på eit unikt ordkartotek (um lag 400 000 ordkort!) som Strogova samla i lag med studentar og kollegaer i meir enn 30 år - sidan 1959.

Her lyt eg konstatera det triste faktum at "Novgorod Regionordbok" framleides berre eksisterar i denne fyrste og einaste stensilerte utgåva på 13 millomstore hefte på nokso dårleg papir - universitetet hadde ikkje nok pengar til å gjera det på nokon betre måte - Russlands ævlege vesaldom, - endå universitetetsrektoren, Prof. Dr. Vladimir V. Soroka, lova å få tak i ekstra pengestudnad til ei ny utgåva av denne unike boki i tvo store band (det skulde kosta yver 5000 US dollar). Men diverre døydde 58-årige Soroka brått i februar 1998, og denne idèen vart ikkje røynd (og ingen veit kva som skal henda med dette tilfanget i framtidi).

"Novgorod Regionordbok" syner korleides ordi vert bruka i ulike høve og gjev breidare forståing for at ordet kan ha ulik tyding på ulike umkverve. Denne ordboki, fortel Strogova, "inneheld ord som er i talebruk (men ikkje i læreboknormal) i Novgorod-regionen, dessutan Volkhov- og Tikhvin-distrikti som tidlegare var inne i Novgorod-regionen, men no høyrer til regionen Leningrad (St. Petersburg)..."

Boki gjev filologisk ordtolking og inneheld subjekt og umgrip som dialektordet peikar på..."

"Ordtyding vert tolka på ulike måtar. Um litteraturspråket hev ord med nett same tyding som dialektordet, då vert dialektordet oppført med den same tydingi... Når det i litteraturspråket ikkje finst eit einaste ord med absolutt same tyding som dialektordet, då stend det nokre synonym med tydingssamanskøyting som nærmar seg tydingi åt dette dialektordet..."

"Dersom litteraturspråket ikkje hev eit ord som med synonymsamanskøyting svarar til dialektordet, brukar ordboki ordet si utvida tolking. Ordtydingi vert attgjeven med di ein peikar på eit sams teikn som knyter eit ord til dei hine ordi, og nokre meir konkrete teikn som skil nett dette ordet ut frå fleire ord med sams tyding..." (4, bd. 1, s. 4 - 7).

Det skulde vera lurt å finna fram eit døme på dialektordtolking, må vita, elder som Strogova segjer, ein "illusstrasjon" av ordtyding. Rett nok gjer språkbarrierar det vandsleg å finna slike døme her i Noreg på russisk, ikkje minst når det er på dialekt. Men no veit me at det millom dialektord i eit språk finst sume lånord med, ofte med yverraskande tydingar. So lat meg taka fram eit nokso vanlegt ord som finst både på norsk og russisk - dette er lånordet *akkurat*, av latinsk opphav som alle veit. I norsk er det eit vanleg lærebo-knormalord, men i russisk er det meir eit dialektord. Dette ordet vert helst nytta i lag med preposisjonen *v*, som tyder *i*, og heile ordlaget kan umsetjast som *i akkurat* ("i det akkurat"). I vår tid vert uttrykket "i akkurat" bruka på russisk i den same tyding som på norsk. Derimot finn Strogova fram ei opphavleg dialekttyding som er onnorleides: etter Strogova tyder "akkurat", eller "i akkurat": 1) **no** eller 2) **allereie** (!). (4, bd. 1, s. 13).

Eit anna og svært rart døme: Både nordmanner, russarar og andre segjer "*bla, bla, bla*" som ljodimitasjon av skravl, altfor mykje prat. Strogova fører opp dialektordet *blabla* med tydingi svært våt, blaut myr (sump) (3, s. 7).

Bøkene og artiklane hennar Strogova er fulle av fakta. Argumentasjon og lingvistiske problemstellingar og -løysingar ligg på eit svært høgt nivå. Bøkene til Strogova er godt kjende for mange språkforskarar, dialektologar, språkhistorikarar og andre interesserte både i Russland, eks-Sovjetunionen og i utlandet. Strogova sjølv var med på ymse fyredrag i ulike vit-

skapssymposia og konferansar i Novgorod, Leningrad (St. Petersburg), Moskva, Tver, Riga og andre byar. Ho stod som organisator av studentkonferansar i dialektologi i Novgorod, upptaksmann og aktiv deltakar på universitetslærarkonferansar i dialektologi og folkløse. Ho var dessutan redaktør for diverse vitenskapbøker som var publiserte av Novgorod Pedagogisk Institutt si språkdeild.

Strogova var både stor vitenskapdama og ikkje minst stor pedagog. Ho gav leksjonar i gamalslavisk mål og historisk grammatikk for russisk språk. Vidare heldt ho serskilte skeider (kurs) i historisk ordmiljø, namnegransking (onomastikk) og lokal lingvistikk. Ho gjekk gjerne i samarbeidspartnarskap med studentar. Meir enn 30 diplomverk vart forsvart under hennar vitkapsleiing. Mange av dei tidlegare studentane hennar bur og arbeider kringum i det som tidlegare var Sovjetunionen. Strogova var ein svært frimodig og open person, men krevjande og streng både til

seg sjølv og andre - i ei positiv tyding. Etternamnet hennar kjem for resten frå det russiske ordet *strog*, som tyder nett "streng". Ho var snild og rettvis og hjelpsam i naud.

Underskrivne hadde den æra å kjenna Strogova personleg i dei siste liveåri hennar - på 80- 90-talet, då ho jobba saman med mor mi på den nemnde språkdeildi åt Novgorod Pedagogisk Institutt ved Novgorod Universitet. Eg hugsar sers godt den snilde og blide gamle dama som nokre av kollegaene i løynd kalla "Guds Løvetann". Ein gong, i mai 1994, var mor mi og eg på vitjing hjå Strogova. Ho fortalde mykje um livet sitt, um prinsipp og metodar for språkarbeidet, og ho synte fram utdrag frå det unike kartoteket som no er lagra på universitetsbiblioteket.

Prof. Dr. philol. Vera P. Strogova døydd altfor tidleg - i 1996, berre 72 år gamal. Ho jobba med dialektgransking og underviste ved universitetet heilt til slutten av livet. I november 1997, eit år etter at ho

anda ut, var det arrangert ein stor vitkapskonferanse, "Russiske folkemål: Historie og moderne tilstand", til minne um henne. *Dette fyredraget vart halde på årsmøtet åt Aure Mållag den 3. mars 2005, seinare revidert.*

Litteratur

1. Russiske folkemål: Historie og moderne tilstand. Vitkapskonferanse til minne um Prof. Vera P. Strogova: Program. 26. - 28. november 1997 (på russisk). Novgorod, 1997.
2. Strogova, Vera P. Eldgamle stadnamna i Novgorod og der ikring (på russisk). Novgorod, 1993.
3. Strogova, Vera P. Som ein talar i Novgorod-valdet. (på russisk). Novgorod, 1991.
4. Strogova, V. P.; Klevtsova, A. V.; Petrova, L. J.; Gerd, A. S. og andre. Novgorod Regionordbok (på russisk): Bd. 1 - 12. Novgorod, 1992 - 1995. Bd. 13. Novgorod, 2000.

Kristendomen i kvardagsmålet

Av Lars-Toralf Storstrand

Bibelen, Guds Ord, hev påverka oss på meir enn ein måte. Anten me no talar landsmål, riksmål, nynorsk, bokmål eller ikkje-norske mål, kann mange av dei ordi og segjemåtanane me nyttar i dagleglivet først beinveges attende til den heilage skrifti. Eg skal i dette stykkjet taka fyre meg nokre konkrete døme på det. Og lat oss difor byrja med byrjingi:

Alfa og Omega er tvo namn Jesus nyttar på seg sjølv i openberringi si. Skal me byrja med byrjingi, lyt me taka til med bokstaven A, må vita, Alfa på gresk, Aléf på hebraisk. Det fyrste umgripet me ser på, er:

Adamseple

Bibelen segjer inkje um kva slags frukt som voks på "Treet til kunnskap um godt og vondt", men tradisjonen hevdar hardnakka at det er eit eple. Tradisjonen fortel vidare at då Adam skyna han hadde synda, sette han eplet i halsen. Difor heiter det ikkje Adamseple berre i Noreg, men Adam's apple i England og pomme d'Adam yver kanalen i Frankrike. Det er morosamt at det jamvel på hebraisk heiter "Tappuah ha-Adham", som kan umsetjast med Adamseple.

Alfa og omega

Endå um me hev nevnt det tidligare, bør det takast med i ei djupare forklåring og.

Alfa og Ómega er fyrste og siste bokstavane i det greske alfabetet. Teologar og etymologar hev likevel i seinare tid, spurt seg um det ikkje heller er sannsynleg at Jesus sagde: "Eg er Aléf og Taw" - Han tala då til ein annan jøde...

Ametyst

Denne fiolette kvartssteinen finn me nemnd heilt til slutt i Guds Ord, nærare sagt i Openberringi 21:19-20. Der stend det at den tolvte grunnsteinen i det nye Jerusalem var nett Ametyst. Sjølv ordet kjem frå gresk, og hev same rot som det greske ordet "methíein", som tyder rusa. Ordet hev ei indoeuropeisk rot til honning, som i russisk "miød", som jamvel er opphavet til vårt "mjød".

Sjølv ordet hev fyrestavingi "A", i tydingi "ikkje", og kann difor umsetjast med "rushemjande". I millomalderlitteratur finn me nemnt at ein trudde at han som hadde ein ametyst liggjande i ølkruset eller vinglaset, kunde drikka so mykje han makta utan å verta rusa.

Biskop er ikkje so norskt som det lyder, og endå det både på norskt og engelsk tek til med ein "B", byrjar det på gresk med ein "E", det er "Episkopos". Ordet tyder tilsynsmann, som det er umsett med i det norske nytestamentet vårt. Det dei færreste veit er at ordet dessutan hev tilknytting til ein diasfram-

synar. Ljosbileteapparatet er kjent og kjært og hev vore nytta mykje på bedehusi i misjonsmøte og basarar. Ein av diasframsynarane ber namnet "Episkop". Skal me taka dét bokstaveleg er det mange fleire biskopar som hev gjesta lekfolket på bedehusi enn det som er registrera i historieboekene...

Demon og demokrati hev faktisk same etymologiske rot. For "Dêmos" er det greske ordet for "folk", medan "krátein" tyder styre. Den tilsynelatande motsetnaden at "demon" hev same rot er ingi sjølvmotsegging, for bae ordi tyder "å kløyva upp", det gjeng ut frå det opphavet at folk vart kløyvde i grupper etter lagnad av ein "demon" - ei ånd som hadde andsvaret for dette.

"Ecce Homo - sjå det mennesket", sagde Pontius Pilatus då Jesus stod fyre honom kledd i "kongekappa" og med tornekruna på hovudet. Framigjenom saga hev dette umgripet vorte hangande ved som namn på pasjonsmålarstykkje som syner denne scena. Det fyrste av desse målarstykki er måla av Roger van der Weyden, kring 1450.

Ekko frå Bibelen

Ekko er i grunnen ikkje tilknytt noko serskilt bibelsk eller kristelegt. Snarare tvert imot. Men det hev vore med å gjeva namn til eit teologisk skrift, det er

"Katekisma". Sjølve ordet kjem av den greske fjellnymfa Ekho, som var forelska i Narcisus, som diverre berre var forelska i sitt eige spegelbilette. Forelskingi hennar Ekhos var so ulukkeleg at til slutt var det berre røysti som var att, og ho lyder framleides ute i naturi, etter det gresk mytologi fortel. Verbet "ekhein" hev si rot i ordet "ekho" og vert samansett til "Kathekein", som tyder atterklang. På norsk kjem ordet attende både i "Katekisme" og "Kateket".

Elfenbeinstårn

Når ein fyr er røyndomsfjern, i den tydingi at han helst ser seg sjølv som betre enn andre. Slik vart det i alle fall nytta av franskmannen Sainte-Beuve i åtfinningi (kritikken) hans av Alfred Comte de Vigny i 1837. Ordet hev rot til Salomos høgsong, 7:4-: "Halsen din er som elfenbeinstårnet", i parallell til 4:4 der det stend "Davidstårnet". Um det er tvo ulike namn på Davids tårn det er tala um, er ikkje godt å slå fast.

Etiopia

Du kann godt stella spursmålet: Kva hev det greske ordet "aithiopia" - som er grunnlag for det moderne "Etiopia" - med Bibelen å gjera, burtsèt frå at det er nemnt nokre stader i Skrifti? Meir enn du kann tenkja deg. For det greske ordet tyder "brent andlit" - noko som knyter ordet til Salomos høgsong 1:6 "...sjå ikkje på meg, for eg er so myrk, for soli hev brent meg". Millom dei sokalla Falasha-jødane frå Etiopia er det tradisjon at dei er beinveges nedstamma frå dei borni som dronningi av Saba fekk med Salomo.

Halelujah

Ordet som me er vande med å segja - Halleluja! - er kjent for dei fleste kristne. Men ordet finst berre i tvo bøker i Bibelen, det er Salmane og Openberringi. I salmane finn me umgripet i 104:35; 106:1,48; 111:1; 112:1; 113:1; 115:18; 116:19; 117:2; 135:1; 146:1,10; 147:20; 148:1,14; 149:1,9; 150:1,6. I Openberringi stend ordet i 19:1,3-4,6. Ordet er på hebraisk sett i hop av "Halelu" og "Jah". Fyrstnemnde tyder "Pris" og "Jah" er avleidd av "JHVH" og tyder "Herren". Ein treng altså ikkje vera redd for å segja Halelujah.

Herleggjord herlegdom

Ordet "herleg" er ikkje noko ukjent ord for oss. Men kva tyder det i grunnen, og nyttar me det eigenleg slik me burde?

Sagt med andre ord: "Kann eit måltid vera herlegt?". Den beste forklåringi på umgripet finn me i Matteus 17:3, der det stend at Jesus vart "forklåra" for augo deira. Sume brukar umgripet "herleggjord" her med. Forklåringi ligg i det at skipnaden til ulike faktorar er den same, og "herleggjord" hev tri luter. Her-leggjord. Jesus vart "gjord lik Herren" for augo deira, eller "Herre-lik-gjord", og at dei fekk sjå Honom i Hans "Herrelikdom" løyser ugreda for oss.

Hokus pokus filiokus

Hokus Pokus er eit umgrip dei aller fleste er kjende med, anten dei hev lese "tryllebøker", sèt på "trylleshov" eller vore i samband med "tryllekunstnarar" på onnor vis. Trylleformularet hev derimot langt større kyrkjeleg tilknytning enn dei fleste er klår yver, og kann først endå lengre attende til det gamle Egypt der den egyptiske prestestanden gjorde solguden Ra um til eit lite rundt kjeks. Blanda med Jesus sine innleidande ord til nattverdsmåltidet vart dette til det latinske umgripet "Hoc est Corpus" - "Dette er lekamen" - implisitt at det skal vera Jesu lekam. Attåt dette kjem umgripet "filiokus" som er kjent frå barnomens tryllekunstnarar, det med. Det er beinveges avleidd frå "filii corpus" - "sonen sin lekam". Hokus Pokus Filiokus er soleides henta beinveges frå den katolske messeliturgi: "Dette er lekamen, lekamen åt Sonen".

Kannibal er i mange høve eit tabuord, av di det ofte spelar på etniske fordomar, jamfør ein reklamekampanje som vart mykje umtala for ei tid sidan. I ei bok med ymse ordforklåringar vert det hævda at ordet kann først attende til Shakespeare-skodespelet "The Tempest". Den korrekte forklåringi er derimot mykje greidare. For ordet er avleidd frå "Kahanei Ba'al" - prestar for Ba'al. Desse prestane ofra menneske til guddomen sin, og som klimaks på ofringi vart kjøtet ete. Ein "kannibal" er med andre ord liketydande med "Ba'alsprest".

Katedral

I Noreg nyttar me helst ordlaget "domkyrkja", endå me er byrge yver å umtala Nidaros-domkyrkja som Noregs einaste rettelege katedral. Ordet er avleidd frå latin "Ecclesia Cathedralis" som tyder "læresæte for kyrkja" - men det ordet kjem atter frå kathédra, ei umsetjing av det hebraiske "Heichal" - læresæte.

Dei fleste knyter ordet "legion" til militært språk. Men me møter ordet i "Markus 5:9" med, der Jesus driv demonar ut or ein mann. Ordet "Legion" kjem frå latinsk "Legio", eit herfylke som til vanleg inneheldt 6000 mann - men kunde vera heilt nede i 4200. Den forgjorde mannen skulde dimed vera full av eit relativt høgt tal vonde ånder, skal ein taka desse tali ålvorleg.

Lekmann og liturgi

Visste du at både "lekmann" og "liturgi", paradoksalt nok, kjem frå det same ordet? Båe ordi er avleidd frå "laicus" (latin) som atter kjem frå greskt "laikós". Roti til finn me i "laós", "folk" og "léitos", offentleg. Sistnemnde er roti til "leitourgia", offentleg tenest.

Oblat, er helder ikke noko heilnorskt ord, men dei aller fleste hev einkvan assosiasjonen til ordet. Anten frå kyrkja, når ein gjeng til nattverd, eller frå biltilsynet når ein hev svara årsavgifti.

Upphavet til namnet er det latinske "offerre" (ob ferre) - yverrekka eller ofra. Det var då nett det som hende med nattverdsbraudet - det vart yverrekt. I millomalderen fekk ordet tydingi "fint bakverk", og kombinera med "hostia" i "hostia oblata" vart det knytt attende til gamal romersk gudedyrking, i det offerdyret i den romersk gudstenesta vart kalla nett "hostia".

Ramaskrik er eit umgrip flestalle kjenner. Upphavet finn me hjå Jeremias, der det stend "det lyder klagerop i Rama, klage og sår gråt. Rakel græt yver borni sine, og vilde ikkje lata seg trøysta av di dei ikkje er meir". I dag heiter byen Ram'Allah og er hovudsakleg folkesett av arabarar.

Sulamitten, er i grunnen eit godt norskt ord. Men opphavet til ordet er so langt frå norskt som det er råd å koma. Umgripet finn me i Salomos høgsong, der me les "Snu deg Sulammit! Snu deg, so me fær sjå deg" (Høgs. 6:13). Ordet syner til ei møy frå Shulam, som skal standa brur. Millom kristne hev det vore vanleg å tolka høgsongen slik at han handlar um "Jesus og kyrkjelyden", altså heile den kristne kyrkjelyden på jordi, og derifrå hev ordlaget "heile sulamitten" kome.

Det finst mange fleire ord som kunde vore nemnde her. Men dette syner oss i minsto litt av kor mykje Bibelen hev havt å segja for oss, og kor djupt han stikk inn i folkesjeli, endå um det ikkje er alle som vil akseptera dette.

Finst det restar etter gudehov på Tromøy?

Av Thoralf Bergwitz

Det gamle sogeverket - Noregs konungatal - som òg er kalla Fagrskinna - og likeeins Heimskringla av Snorre Sturlason - sluttar med skildringi av slaget på Re - der Magnus Erlingson vann over birkebeinar-hovdingen Øystein Møyla. I denne soga er namnet Re umtala som eit bygdenamn. Ramnes - derimot - det som no er namnet på bygdi - er den gong umtala som ein gard. Re er soleis det eldste bygdenamnet på det som i dag heiter Ramnes.

I bygdi Ramnes ligg ei grend som heiter Fresti. Fresti var frå fyrst av ein gard eller eit bruk som seinare vart oppkløvt i fleire bruk. Garden Fresti hev ei forvitneleg soge frå året 1399 då garden hadde namnet Frøysteigi. Det gamalnorske namnet var Frøysteigr.

Det er ikkje soga med dei sers forvitnelege eigarane av garden Frøysteigi som her skal umhandlast. Det er namnet - og tydingi av namnet - som her skal umhandlast.

Bygdeboki for Ramnes segjer at fyrste leden i namnet Frøysteigr "må være genitiv av gudenamnet Frøyr. Den nærmeste forklaring på gårdsnavnet synes å være at teigen, som igjen betegner som avgrenset et stykke jord eller skog, har hørt til et tempel for fruktbarhetsguden Frøyr."

Som me her ser so er det rein gissing det som her er sagt um tempel for fruktbarhetsguden Frøyr.

Nyare granskning ikring stadnamn som hev ein lekk med eitkvart gudenamnet, eller med lekken "hov" i namnet sitt, tyder på at det ikkje hev funnist noko tempel eller gude-hov på desse stadene.

Rett nok sit enno i dag "stadnam-

neksperter" på universitetet i Oslo og doserar læra um gudehov, so det eg her segjer, det er for desse prestisjeredne autoritetane som å banne i kyrkja.

Men det finst andre menneskje her i verden - menneskje som ikkje er bundne av prestisje for sin skule og sine læremeisterar.

Den sitjande riksantikvaren i Danmark - Olaf Olsen - er ein av desse "utbrytarane". Han hev avliva mykje av den ovtru som knyter seg til tenkte gudehov på stadar der namnelekken Odin, Tor, Frøy, Ull, Hov m.fl. er fletta inn.

Olaf Olsen gav ut ein doktoravhandling um temaet Hørg, Hov og Kirke i 1966. I denne avhandlingen tek han ei oppgjerd med dei mange luftige teoriiane um kultkontinuitet som nordiske granskarar hadde sett fram. Boki representerar eit viktugt vendepunkt ikring overgangen frå heidi tid til kristen middelalder i Norden. Denne boki er vorti eit referanseverk som all seinare granskning i temaet må halde seg til. Inspirasjonen til å skrive boki, den fekk han då han heldt på med arkeologiske utgravingar under golvet i danske landsby-kyrkjur. Dette hadde han haldi på med sidan 1953.

Motivet med utgravingane var fyrst og fremst å finne spor av romanske trekyrkjur i grunnen under golvet på desse kyrkjune. Det lukkast òg i rikt mun, segjer han.

Det som derimot var til å undrast yver, var at det praktisk talt aldri vart funni noko som var eldre enn trekyrkjune - korkje bygningsspor, lausøyre eller bein-restar av noko slag. Dette harmonerte ikkje med den utbreidde oppfatningen at tre-kyrkjune var reiste på dei

stadene der dei tidlegare hadde dyrka heidne gudar.

Sokneprestane ved desse kyrkjune - som hadde levd i den trui at det allstad måtte finnast restar av gamle gudehov under kyrkja, dei undra seg - som ventande var - at det ikkje finst noko slags restar etter den påståtte kultdyrkingen som skulde vera so utbreidd, etter det dei hadde lært. Som kjent finst det ei mengd litteratur ikring temaet - skrivi av arkeologar, historikerar, nordiske filologar og relegionshistorikarar.

Olaf Olsen segjer at han vart reint forfærd ved å iakta det lettsindige som mange granskarar la for dagen når dei tok seg inn på umkverve der dei ikkje hadde metodiske fyresetnader til å nytte på ein forsvarleg måte. Det var miksmask av fantasier og ringslutningar som berre sume einskildgranskarar heva seg over. Han nevner nokre undantak frå dette lettsindige granskings-arbeidet - ein av desse er Anne Holtmark - som han rekner for ein seriøs granskar. Ho hev heller ikkje greidd å finne restar etter den påståtte gudedyrkingen i Norden.

Det finst berre tri stadar i Norden der granskarar - "med vissa" hev komi til at det hev funnist gudedyrking. Dei tri stadane er Uppsala i Sverige, Mære i Trøndelag og Lejre på Sjælland.

Um desse so "absolutt sikre prov" på gudedyrking i Uppsala, segjer Oluf Olsen: Av serskild interesse måtte tempelet i Uppsala vera. Dette vert skildra av Adam av Bremen i år 1060, og det hev vore leiting etter restane av gudehovet under Gamla Uppsala kyrkje. "Det var rystende at se, hvorledes nogle få stolpehull under kirken havde avfødt en vrimmel av



NYNORSK
ANTIKVARIAT
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

fantasifulle tempelkonstruksjoner begået av arkæologer og andre lysthavende."

Under Mære kyrkje i Trøndelag er det funne nokre gullblekkbrikker med innstempla bilæte. Desse gullbrikkene skal vera provet på ofring til gudar. Desse gullbrikkene - segjer Olaf Olsen - "hører fortrinnsvis til i germansk jernalder og ikke til vikingetiden".

So der brast òg det hårstrådet.

Nordmannen Eivind Vågslid tok til å arbeide med stadnamn-gransking i trettiåri. På åttiårsdagen sin - i 1989 - søkte han um å leggje fram ei doktoravhandling um temaet. Men dei prestisjeredne "fagkunnige" ved universitetet i Oslo, dei let han ikkje sleppe til med avhandlingen sin. Til liks med Oluf Olsen so vart òg Vågslid utsett for ein kald skulder frå den etablerte eliten ved universitetet.

Men Eivind Vågslid hev gjennom sitt lange liv konsentrert seg um stadnamn-gransking og målgransking. Han hev gjevi ut fire bøker um temaet stadnamn - den siste - doktoravhandlingen hans - er på 600 tettskrevne sidur.

Han kom fram til at alle dei stadnamni som er påstått å vera frå mytologien - dei er mykje eldre enn mytologien. Dessutan fann han ut at alle desse namni dei er

komne fram på grunnlag av naturtilhøvi på staden. Soleis er Frøysteigen ein teig som er meir utsett for frost enn valdet ikring teigen. Og Hove eller Hovet er rett og slett ei høgd eller eit høgdedrag i lendet. Soleis er det med garden Hovet på Omholt ved Bjorbekk, og slik er det med Hove på Tromøy. Det lange høgdedraget på Tromøy som strekkjer seg frå Tromøy kyrkje til Hovekilen er ikkje vandskeleg å få auga på for den som ser. Eit slikt høgdedrag vert - den dag i dag - i norske målføre - kalla - eit "hov".

Kvar botnar so denne ovtrui um gudedyrking i stadnamni frå?

Det er eit tanke-spinn, segjer Vågslid - eit tankespinn framlagt av historikaren Peder Andreas Munch i boki "Nordmændenes Gudlære i Hedenhold" Oslo 1847 og i boki "Nordmændenes ældste Gude-og Heltesagn" Oslo 1854.

Dette tankespinnet er det bygd upp ein heil "vitenskap" - ein vitskap som mange gjæve og kunnskapsrike menneskje hev arbeidt med både å dryfte og å dosere for stendigt nye studentkull som absorberar dette tankespinnet som sann vitskap - og soleis "rettleider" dei oss vanlege menneskje til å tru på denni ynskjetenking um forfedrane våre.

Eg spør meg sjølv: Er ikkje denne ynskjetenkingen meir ei nedvurdering av forfedrane våre enn å heidre dei?

Kann me få oss til å tru at dei var so einfaldige som me vil hava det til ved å tilleggje dei at dei seriøst - i vaksen alder - verkeleg trudde på jolenissen? At dei i fullt alvor trudde på dessi eventyri um dvergar og jotnar og æser? Og at denne trui var den herskande i alle lag av folket?

Når me ser på den klokskap og evne til å byggje upp eit systemfast og logisk oppbygd tungemål og meiningsfylte stadnamn frå denne tidi - og lengje fyr den tidi då mytologien spratt fram - det er i vikingetidi, so er det lite som talar for det unaturlege fantasteri som ligg i mytologien - der ein "livs livande skapning" - Loke - t.d. skaper seg sjølv um til ei merr - og let seg bedekke - og jamvel fær ein fole etter svermeriet.

At det finst menneskje - jamvel i dag - som verkeleg kann tru på at ein mann kann skapa seg um til ei krokodille og so attende til mann, ja, det finst, men å tenkje seg til at heile folket skulde vera so forvirra at dei trudde på slikt vrøvl, nei det kann ikkje vera moglegt.

Aristoteles retorikk

Av Hermund Slåttelid

Aristoteles

Retorikk

Omsett av Tormod Eide

Vidarforlaget 2006

Vidarforlaget i Oslo er godt i gang med å gje ut Platon og Aristoteles sine verk på norsk, med økonomisk støtte av Norsk kulturråd og private sponsorar. Eigenleg er dette ei stor hending i norsk bokheim, for vi byrjar med dette omsider å kome på linje med andre kulturnasjonar i Europa når det gjeld å gjere denne delen av verdslitteraturen tilgjengeleg. Det er viktig, både av di det høyrer med til allmenndanninga å kjenne dei gamle klassikarane, men mest av di desse mellom mykje anna har sakssvarande ting å seie om "den rette måten å vere med andre i verda på", som Hans Skjervheim sa.

I år har vi, med god hjelp av Institusjonen Fritt Ord, for fyrste gongen fått Aristoteles sin Retorikk på norsk, omsett av Tormod Eide. Han er fyrsteamanuensis i gresk og latin ved Universitetet i Bergen, og utanfor dei akademiske miljøa vil han vere best kjend for Retorisk leksikon, som

han gav ut i 1991. Denne vesle boka er eit skattkammer for alle som interesserer seg for klassisk retorikk. Her lærer vi mykje nyttig om terminologi og omgrepsapparat, og vi får illustrerande døme på korleis den gamle retorikken lever vidare i litteraturen og hjå moderne språkbrukarar, anten dei sjølve er medvitne om det eller ikkje. Tormod Eide har òg skrive om topos-læra til Aristoteles, som handlar om generelle argumentasjonsmønster som talaren kan bruke uavhengig av kva han elles prøver å overtyde om. Ingen i norske miljø er meir føre enn han til å omsetje Retorikk til forståeleg norsk.

Førelingar i retorikk

Aristoteles byrja etter det ein veit å halde kveldsførelingar om retorikk for studentane i skulen sin i Aten kring 350 før Kristus. Han gav dei ikkje ut som eit eige verk, men manuskriptet låg i skulebiblioteket, og somme av elevane hans brukte det i bøker dei sjølve skreiv om retoriske emne. Dette førte til at hovudsynspunkta som han hadde kome fram til, vart kjende utanfor skulemiljøet. Fleire viktige omgrepsdefin-

isjonar, distinksjonar og vurderingar frå førelingane vart snøgt tekne opp av andre som arbeidde med å systematisere retorikkfaget og standardisere opplæringa i skulane. Distinksjonane hans har vorte verande sentrale til vår tid. Ingen har nokonsinne overgått Aristoteles når det gjeld kunsten å finne fram til avklårande skilje og råkande definisjonar. "Han hadde et fast grep om definisjonskniven", skriv Georg Johannesen.

I 280-åra vart retorikkmanuskripta og ein del andre av skriftene til Aristoteles fjerna frå boksamlinga på skulen, og etter ei tid var det ingen som visste kvar dei hadde teke vegen. Fyrst om lag 200 år seinare kom dei til rettes. Dette førte nok til at dei ikkje fekk den innverknaden dei fortente på utvikling av retorikkfaget i hellenistisk tid, i dei siste hundreåra før Kristus. I romartida var Cicero og andre som skreiv om retoriske spørsmål godt kjende med hovudpunkta i Retorikken til Aristoteles, dei viste til han, jamvel om dei ikkje alltid var samde med han. Nokre tykte han gjekk for lite inn på spørsmål dei sjølve heldt for å vere avgjerande, og at han skreiv for mykje om ting

som dei rekna for mindre viktuge.

I mellomalderen vart Aristoteles omsett frå gresk til latin av Vilhelm Moerbeke (død 1286). Han kom frå ein landsby i Flandern, og tenkte å verte misjonær. Han hadde lært seg orientalske språk, og var kunnig i gresk og matematikk. Ei tid gjorde han teneste som kapellan hjå paven, og i Italia møtte han Thomas Aquinas, som tinga på han til å omsetje Aristoteles. Retorikk var mellom dei bøkene han rakk å få omsett til latin. I renessansetida kom denne omsetjinga med i fleire nye Aristotelesutgåver. Ei av desse utgåvene vart prenta i 1531, og den store humanisten Erasmus frå Rotterdam hadde ansvaret med å gå kritisk gjennom teksten.

Fram til 1700-åra brukte lærde folk helst å snakke og skrive latin i faglege samanhengar. Det blir såleis fortalt om Erasmus at han aldri snakka eller skreiv eit ord hollandsk etter at han var blitt vaksen. Fyrst på dødslegjet skal han ha sukka på morsmålet: "*Å, Herre Gud!*".

På 1800-talet vart Retorikken til Aristoteles omsett til moderne språk, såleis kom det heile tre nye engelske omsetjingar mellom 1812 og 1823. Dette syner korleis interessa for Aristoteles auka, ikkje berre mellom dei lærde, men òg hjå den opplyste ålmenta i dei store kultursamfunna.

Litt om livet til Aristoteles

Aristoteles var fødd i den vesle byen Stageira i Nord-Hellas i 384 f. Kr. Han kom til Aten og vart elev i Akademiet til Platon då han var 17 år gamal. Her vart han verande i 20 år, fyrst som student, seinare som lærar. Han skal mellom anna ha undervist i retorikk. Etter at Platon døydde, forlet han Akademiet og underviste ved ulike lærestader i Vesle-Asia. Eit par års tid var han lærar for Aleksander den store, son til Filip 2. av Makedonia. I 335 flytte Aristoteles attende til Aten og bygde opp sin eigen skule. Han låg ved eit idrettsanlegg utanfor byen og vart kalla Peripatos. Det tyder ein overbygd søylegang, der folk kunne trefast, søkje ly for regnet eller slappe av i skuggen når sola steikte.

Skulen til Aristoteles var ein fri institusjon. Dei som fekk plass, trong m.a. ikkje fylgje faste reglar for kva dei skulle ete og drikke, slik elevar måtte gjere hjå pytagorearane. Skulen var open for framande, og det hende at frigjevne, og jamvel træljar, fekk plass. Etter at Aleksander den store døydde i 323, måtte Aristoteles rømme frå Aten på grunn av hatet som loga opp i byen mot makedonarar. Året etter vart han sjuk og døydde.

Kva er retorikk?

I den form vi har fått overlevert Retorikken til Aristoteles, er verket kløyvt opp i tre bøker. Bok 1 og 2 handlar om kva retorikk er, og om innhaldet i ei tale. I bok 3 skriv han mest om språkleg utforming, om stil og disposisjon, om innleiing, saksframstilling og provføring og om korleis ei tale bør avsluttast. Ein merkar at Retorikken byggjer på førelesingsnotat, at verket ikkje var meint å verte offentleggjort i den forma vi har det. Framstillinga heng ikkje godt i hop, her er inkonsekvensar og mykje oppattakingar. Tormod Eide har gjort det lettare å finne fram i stoffet med eit eige oversyn over innhald og utvikling fyrst i boka.

Aristoteles drøfter tilhøvet mellom faga dialektikk og retorikk. Han byrjar med å slå fast at "retorikken er eit motstykke, ein "antistrofe", til dialektikken". Ordet dialektikk hadde Platon brukt om filosofisk samtalekunst etter sokratiske mønster, der målet var å finne fram til sanninga om ei sak. For Aristoteles er dialektikk eit fag som inneheld reglar for korleis ein kan argumentere godt, og vurdere andre sine argument. Folk driv med slikt meir og mindre usystematisk, men det kan òg gjerast metodisk, seier han.

Kva meiner Aristoteles med "antistrofe", at retorikken er eit "motstykke" til dialektikken? Spørsmålet har vore mykje diskutert, og Tormod Eide drøfter det i den knappe, men svært instruktive innleiinga si. Han meiner at Aristoteles sitt syn er at retorikken "svarar til" dialektikken, er ein parallell til han og utgjer ein tilgrensande disiplin.

Her bryt Aristoteles med det Platon let Sokrates hevde i dialogen Gorgias, nemleg at talekunst ikkje kan kallast ein verkeleg kunst eller eit fag som byggjer på "tekhné", dvs. på teoretisk innsikt. Talekunst er berre ein dugleik som skriv seg frå givnad og øving. Den dreiar seg ikkje om å søkje sanning, retorikaren vil berre overtude om det som synest truleg, ofte er han betalt for "å framstille ei dårleg sak som god". I Gorgias går Sokrates til frontalåtak på denne forma for retorikk. Ho blir nytta til å forføre, ho høyrer til løgna si verd, hevdar han, som kosmetikken og kokekunsten. Utan å polemisere mot den gamle læraren sin, som han elska og høgvyrde, byrjar altså Aristoteles med å gje retorikken plass som eit vitenskapleg underbygd fag attmed andre fag, som dialektikk, matematikk, lækjekunst, landmåling osv.

Talaren sine oppgåver

Kapittel 2 opnar med Aristoteles sin defin-

isjon av retorikk: "*La oss da si at retorikken er evnen til i enhver sak å se hvilke muligheter vi har til å overtale.*" Her er det fleire ord og uttrykk som ein lesar kjem til å lure på. Kva ligg i "evne", "dynamis" som det heiter på gresk? Kva meiner Aristoteles med "å se muligheter til å overtale"? Den som les Tormod Eide si omsetjing og kommentarane hans, merkar at han er ein kyndig greskfilolog. Han gjev lesaren hjelp og han kjenner den vitenskaplege diskusjonen om teksten. "Evne" tyder m. a. "makt", "kompetanse", "talent", og "ibuande moglegskap". "Å sjå" i Aristoteles sin samanheng er ei omsetjing av eit gresk verb som tyder å vurdere, å studere på, det er ikkje det daglegdagse verbet å "sjå" som er brukt. "Å overtale" tyder altså her både å overtude og å gje innsikt, ikkje berre det å påverke til å skifte syn.

Det er tre oppgåver talaren har, seier Aristoteles. Han må finne overtalingsmidla, arbeide med det språklege uttrykket og ordne innhaldet i tala si. Innleiing og avslutning trengst strengt teke ikkje, meinte han, i motsetnad til andre retorikk lærarar. Heilt naudsynt er berre desse to tinga: at talaren greier ut saka og at han argumenterer for synet sitt.

Talesituasjonar

Retorikken til Aristoteles skil seg frå andre samtidige handbøker i faget ved at han ikkje primært vil gje praktiske råd om korleis ein talar skal påverke tilhøyrarane sine. Tidlegare forfattarar har forsømt seg, skriv han, ved at dei "*har latt det teoretiske aspektet så å si uberørt*". Sjølv tenkjer Aristoteles prinsipielt og filosofisk:

Han vil gjere greie for dei objektive vilkåra for overtudande tale. Utgangspunktet hans er språket slik det vert brukt i ulike talesituasjonar. Aristoteles reflekterer over dette i kapittel 3: "*En tale består av tre ting, taleren, emnet for talen, og den som taleren henvender seg til, og det er denne siste, det vil si tilhøyreren, som er målet.*" At det er tilhøyraren som er målet for talen, inneber at den som talar, må "*beregne sitt publikum*". For å tale overtudande må talaren innrette budskapet sin etter dei han vender seg til, etter reaksjonsmåtane deira, etter korleis dei tenkjer og kjenner og etter kva dei inst inne ynskjer. Tala i aristotelisk meining er på eit vis ei dialogisk ytring. Ho kan ikkje forståast som ein monolog, det vil seie at talaren heilt einfelt handsamar tilhøyrarane som objekt som han kan flytje der han vil. Politikarar gjer ofte det mistaket at dei ser på veljarane eller folke-meininga som objekt som dei kan flytje der

dei ynskjer. Det råkar at dei greier det, i alle fall for ei tid, men det hender òg i viktige saker at dei mislukkast.

Talesjangrar

Aristoteles innfører ein distinksjon mellom tre talesjangrar: Rettstalen, den rådleggjande eller politiske talen og den epideiktiske, demonstrative eller "framsynande" tala.

Rettstala gjeld klager eller forsvar for domstolen, og talaren vender seg til domarar eller ein jury som skal ta stode til spørsmål som ligg i fortida: Kva hende? Var dødsfallet eit dråp eller ei naturleg hend- ing?

Den rådleggjande tala gjeld spørsmål i framtida. Her vender talaren seg til folke- forsamlinga eller til eit anna offentleg organ som skal avgjere ei sak, og spørsmålet er: Kva bør gjerast? Politisk talekunst er gjæ- vare og har meir å seie for samfunnet enn dei to hine formene for tale som gjeld pri- vate tilhøve, seier Aristoteles. I dag er vel dette omvendt, intime avsløringar om pri- vatliv og kjendis-journalistikk interesserer meir enn det politikarar driv på med.

Epideiktisk tale kan vere lovtalar som prisar gudar, menneske, ein by, eit fagert landskap eller andre ting. Det spørsmålet talaren vil gje svar på, er ofte dette: Kven var han eller ho som talaren fortel om? Fortener dette mennesket ros eller kritikk? Prestens tale i Peer Gynt er ein epideiktisk tale, den endar med at presten gjev den døde fjellbonden og militærnektaren dette ettermælet: *"Den mann står knapt som krø- pling for sin Gud."*

Det som fortener ros, seier Aristoteles, er dygdene. Dygd *"ser ut til å innebære en evne til å skaffe til veie goder og bevare dem, og en evne til å gjøre en god innsats for mange viktige saker, for alle mennesker, på alle områder"*. Til dygdene høyrer rettvisse, mot, sjølvtyøyming, storsinn, gen- erøsitet, mildskap, fornuft, visdom.

Overtydingsmiddel

Aristoteles skil mellom tre overtudingsmid- del som står til talaren sin disposisjon:

- Det fyrste er logos, sjølve argumentasjo- nen i talen.

Tilhøyrarane vil feste lit til det talaren seier dersom han provar saka si med sanne eller sannsynlege og motseiingsfrie argument. Menneska er nemleg utstyrte med evne til å innsjå sanninga, og det som liknar på san- ning, og dei fleste godtek oftast det som er ålment aksepterte standpunkt blant folk. Dei er fødde med ein velutvikla sans for sanning, og som regel råkar dei sanninga

med, seier han. Det høyrer altså etter det Aristoteles fortel med til grunnvilkåra for eit fritt og folkestyrt samfunn at borgarane kan innsjå kva som er sant og rettvis.

Utgreiingane hans om ulike slag logisk og retorisk argumentasjon høyrer med til dei fremste nyvinningane i åndshistoria.

- Det andre overtudingsmidlet er ethos, talaren sin forstand og karakteren hans. Han vil overtude dersom han framstår som ein skikkeleg, forstandig og truverdig kar med god vilje. Om tilhøyrarane derimot får grunn til å mistenkje han for at han er ute etter å føre dei bak lyset, misser orda hans overtudingskraft.

- Det tredje overtudingsmiddelet er pathos, talaren si evne til å vekkje positive eller negative kjensler hjå dei han snakkar til, og det at han veit korleis folk reagerer på ulike alderssteg. Her krevst det at han kjenner skikk og bruk hjå dei han snakkar til, og at han har psykologisk innsikt, det er kunnskap om ulike kjensler og om korleis dei påverkar.

Aristoteles kan synast å kome i strid med seg sjølv når han skriv om pathos som over- tudingsmiddel. I det fyrste kapitlet i bok 1 seier han at ein bør nøye seg med å argu- mentere sakleg, ein skal ikkje påverke juryen ved å vekkje harme eller motvilje eller medkjensle. *"Dette er jo det samme som om man bøyde linjalen man skal benytte"*, seier han.

Bok 2 derimot handlar i stor mon om kjensler som overtalingsmiddel. Her har han mellom anna ein lang og forvitneleg analyse om kva skam er. Kva slags handlingar er skammelege og kven skammar folk seg for? Å kaste skjoldet og ryme i strid er ei skammeleg handling, likeins å nekte å låne pengar til den som treng. Folk skam-

mar seg mest andsynes dei som alltid vil vere til stades, seier han, han tenkjer vel her til dømes på skyldfolk, kameratar og sam- bygdingar. Likeins skammar dei fleste seg for personar som er opptekne av andre menneske sine veikskapar, som rykte- spreiarar og komedieskrivarar.

Aristoteles skriv her som om det er legitimt for ein talar å spele på tilhøyrarane sine kjensler for å vinne fram i ei sak. Talaren treng med andre ord ikkje alltid vere ein rettlinja kar? Kan hende meiner filosofen at ei viss likesæle med moralen stundom må tolast hjå talarar som står midt oppe i dagsens strid i det praktiske livet og i politisk maktkamp? Han står her kanskje overfor det same dilemmaet som Quintil- ian, den skikkelege og forstandige romerske retorikkleraren opplevde. Han vart aldri lei av å understreke at for å bli ein god talar måtte ein òg vere eit godt men- neske. Men likevel skriv han i verket sitt Institutio oratoria (Opplæring av talaren): *"Også for vismannen er det stundom tillate å nytte ei løgn, og ein talar må vekkje sterke kjensler når det trengst, dersom han ikkje på annan måte kan få domaren til å vere rimeleg. For dei som dømmer, er ofte urøynde, og ikkje sjeldan må dei narrast for at dei ikkje skal felle urettvise domar."*

Tormod Eide tolkar den moralske likesæla hjå Aristoteles annleis. Han finn ein intellektuell slektskap mellom Aristoteles og historikaren Thukydid som analyserte den peloponnesiske krigen (430-404) med kjølig distanse, utan moralisering. *"Like lite som historikeren synes vitenskapsmannen Aristoteles at det er hans oppgave å felle moralske dommer"*, skriv han.

Kjøp demokratiske appelsiner!



 **NORSK ISRAEL SENTER**
mot antisemittisme

www.norskisraelsenter.no

Tlf: 6992 1422

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar.

Friviljugt støtteabonnement kr 250.

Kontakt oss på post@norskisraelsenter.no eller *NIS-info, Seljevegen 18, 1825 Tomter, Norway.*

B



ISSN-1503-2469

Ei unik perla i Djurgården

Av Lars Bjarne Marøy

Eg veit ikkje heilt kva det er som gjer Stockholm til ein framifrå ferieby. Men det er nokre ting som verkar openberre. Stockholm er ein trendy by som er full av liv, men på same tid er det alltid noko vent å sjå på, noko som er gammalt og som ber bod um at byen hev ei saga som det er vel verd å granska. Um ein gjeng i den gamle delen av byen med slottet tri kronor, parlamentsbyggjet eller kring dei høgmoderne resturantane ved Stureplan eller på den yverfylde Drotningsgatan eller tek ein avstikkar innum Sergels torget, er det stødt noko som fær ein til å verta fylt med ro og god sinnsstemning.

Djurgården er noko for seg. Med Skansen og med eit utal av museum og parkar eignar Djurgården seg godt for ekskursjonar og museumsvitjingar eller rett og slett spaserturar nær sagt i det endelausa. Djurgården hyser i alle fall to kunstsamlingar som det er verd å merka seg. Fyrste gongen eg var i Stockholm, trudde eg at det var Nasjonalmuseet som var den rette staden å venda seg til dersom ein skulde få sjå stor målarkunst og annan kunst, men det var eit stort vonbrot. Rett nok var det noko å sjå der, men ikkje nåme nær so mykje som ein kunde venta seg av eit nasjonalmuseum. Det største vonbrotet kom då eg vende til ei utstilling som synte seg å innehalda svensk design med kjøleskåp og allslags moderne greidor. Slikt skulde ikkje finnast i eit staseleg og nydeleg bygg som nasjonalmuseet i Stockholm er.

Men attende til Djurgården. Den eine kunstsamlingi er prins Eugens - det er den største og mest umseggripande. Prins Eugen hadde gode kontaktar i kunstnarmiljøet og var ein sermerkt gjevna.

Denne samlingi skal eg hoppa lett yver her.

Den hi samlingi er mindre, men ho er likevel den mest fullenda. Thielska galleriet ligg ytst i Djurgården. Thiel var ein dugande forretningsmann som fekk store interessor for kunst. Han gjorde store innkjøp og fekk reist ein villa som skulde hysa samlingi. Thiel kom diverre i pengevanskar, og samlingi vart yverteki av det offentlege. Det skal me vera glade for, for dette er ei perla. Samlingi og sjølve huset er utruleg velkomponert. Ho minnar meg um det huset som kunstnaren Magnus Dagestad dekorerte for Knut Horvei på Bolstadøyri, jamvel um Thielska galleriet er mykje større og ikkje lenger eit bustadhus. Det er ikkje noko i Thielska galleriet som ikkje er gjennomkomponert. Villaen var sterkt påkosta då han vart reist tidleg i perioden millom 1904 og 1907. Den velkjende og sers dugande arkitekten Ferdinand Boberg teikna villaen.

Her er det plassert bilæte med stor omsut for ljosssetjingi. Bilæti stend plasserte i rom som opnar upp for ljós utanfrå, og det finst galleri og vindaugo som understrekar ljøset. Personleg var eg serleg fascinert av korleis ljøsverknaden gav meir liv til bilæti då eg gjekk upp ei høgd og såg ned på dei. Glastaket gjorde at ljøset fall inn på ein klårgjerande måte og gav ei unik oppleving.

I samlingi finn me europeisk jugend, morisk prakt og svensk herregardstradisjon. Det var ein eigen ættled av kunstnarar Thiel studde. Dei fleste av dei var med i det opposisjonelle "Konstnårsförbundet". Svensk sekelskiftemåling var svært mangfeld med ulike stilar,

stemningar og uttrykk. Men Thiel kjøpte òg inn målarstykkje av den norske målaren Edvard Munch. Munch måla jamvel Thiel. Thiel lyt ha lika Munch sers godt, for han uttala: "...*min Munch vägg bli den ståtligaste som finns i Europa...*" Thiel skaffa seg 11 målarstykkje av Munch og dessutan det meste av grafikken hans. I dag ligg Munch-samlingi heilt øvst i huset i eit tårnrom. Det segjer noko um statusen til Munch. Bilæteleg sèt vart han nær sagt plassert på øvste plan. Thiel rika elles upp kunstsamlingi si med bilæte av franske kunstnarar som Edouard Vuillard og Toulouse-Lautrec.

Galleriet hev eit aktivt venelag som kjøper inn ny kunst og held fyre-dragsmøte. For dei av lesarane som kjem til Stockholm og lurar på kva som er verdt å sjå der, vil eg segja at Thielska galleri kjem høgt upp, i alle fall for dei som er glade i målarstykkje og stilrein arkitektur.

Det er i røyndi fåe attraksjonar i Stockholm som kann mæla seg med venleiken til Thielska-galleriet. Eit museum som kann henda gjer meir inntrykk er Wasa-skipsmuseet. Wasa-skipet som aldri vart kjent for noko anna enn å vera eit utstillingsobjekt. Det eigna seg ikkje for sjøfart og gjekk ned rett etter at det var sjøsett. Skipet er ovstort og å kunna gå inne i eit museum og studera det frå topp til botn er definitivt noko som gjer inntrykk. Det etnologiske museet er velskipa, og det finst krigsmuseum og andre museum som er lærerike, men når det gjeld venleik, er Thielska-galleriet eit ser-syn. Det er ei unik perla i Djurgården.

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

Vil ein sikra seg fred, lyt ein bu seg på krig.

George Washington